

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**MØTEINNKALLING**

Dato: onsdag 7. september 2022
Tid: kl. 15.00
Stad: Vindafjord rådhus, Ølen

Forfall melder du til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 977
eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemer innkalla særskilt. Medlemer som meiner seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off.l.*, blir berre sende til medlemer/varamedlemer.

Kommunedirektør og kommunalsjef helse og omsorg er invitert

SAKLISTE:

20/22 Godkjenning av protokoll frå møtet 01.06.22

21/22 Orientering om kommunen sine arbeidsmarknadsbedrifter og bruken av bedriftene v/kommunalsjef helse og omsorg

22/22 Oppfølging av revisjonsrapport – «Internkontroll i barnehage og skule»

23/22 Oppfølging av forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2021

24/22 Revisor si egenerklæring for 2022

25/22 Orientering om revisjonsstrategi og forenkla etterlevingskontroll for revisjonsåret 2022

26/22 Budsjettframlegg 2023 – kontrollarbeidet i kommunen

27/22 Referat- og orienteringssaker 07.09.22

Ymse

Ølen/Aksdal, 31.08.22

Anne Tone Salte Andersen (sign.)
Fung. kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie (sign)
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Kommunedirektør (er invitert)
Varamedlemer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	07.09.22	20/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 01.06.22

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Vindafjord kontrollutval 01.06.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Saksvedlegg: Protokoll frå møtet 01.06.22

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 01.06.22 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje komme merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 31.08.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

VINDAFJORD KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Onsdag **1. juni 2022** blei det halde møte i Vindafjord kontrollutval under leiing av utvalsleiar Kristian H. Resset.

MØTESTAD:	Vindafjord rådhus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	Kl. 15.00 – kl. 16.00
MØTANDE MEDLEMER:	Kristian H. Resset (BBL), Eivind Hetland (Krf), Anne Tone Salte Andersen (H) og Olaug Mari Øen (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	1. vara Øyvind Oland (H)
FORFALL:	Knut Severin Berge (Frp)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Utvalssekretær/rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgsekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Leiar forvaltningsrevisjon Silje Nygård
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Ingen
ANDRE SOM MØTTE:	Dagleg leiar Gudveig Håland frå Landbruket Hus Vindafjord AS i sak 17
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 15/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 04.05.22****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 04.05.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 01.06.22:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.06.22:

Protokoll frå kontrollutvalsmøte 04.05.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 16/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 01.06.22

- 26. Statusrapport pr. juni 2022
- 27. Økonomirapport for kontroll og tilsyn pr. juni 2022
- 28. Perioderapportering 30.04.22 frå Rogaland Revisjon IKS
- 29. Utvalet sine saker enkeltvis på kommunen sine nettsider - e-post frå konst. leiar, service og fellestenester Gunnbjörg Nesbu 19.05.22
- 30. Representantskapsmøte 25.05.22 – HIM IKS
- 31. Medlemsinfo frå FKT - mars 2022
- 32. Kommunal Rapport 10.03.22 «Om å måle kommunens bærekraft»
- 33. Kommunal Rapport 22.04.22- «Om årsmelding 2021 fra Sivilombudet»
- 34. KMDs organisasjonsdatabase - «Kontrollutvalgene har fått mer å gjøre»

Handsaming i kontrollutvalet 01.06.22:

Leiar gjorde kort greie for referatsakene. Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.06.22:

Referatsaker 16 – 34 blir tatt til orientering.

SAK 17/22 LANDBRUKETS HUS VINDAFJORD AS - ORIENTERING OM SELSKAPET**Sekretariatet si innstilling:**

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå dagleg leiar Gudveig Håland om Landbrukets Hus Vindafjord AS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 01.06.22:

Dagleg leiar Gudveig Håland delte ut ein presentasjon og orienterte om selskapet. Landbrukets Hus Vindafjord AS vart stifta i 2006 med det formål å leige ut kontorlokale til landbruksrelaterte organisasjonar. Selskapet kjøpte tri seksjonar i Ølen senter i 2006. Selskapet er eigd av ti aksjeeigarar. Vindafjord kommune er største eigar med 32,8 %.

Håland gjorde greie for storleik og fasilitetar på kontorlokala og kven som er leigetakarar i dag. Det er to kontor som står ledige for tida. Selskapet har ikkje hatt store overskot, og det har ikkje blitt utbetalt aksjeutbytte.

Medlemmene fekk svar på spørsmål om mellom anna kven som kan leige lokale, stabilitet hos leigetakarane, kvifor kommunen er eigar og storleiken på stillinga som dagleg leiar.

Utvalsleiar takk for ein interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.06.22:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå dagleg leiar Gudveig Håland om Landbrukets Hus Vindafjord AS til orientering.

SAK 18/22 PLAN FOR ORIENTERINGAR FRÅ ADMINISTRASJONEN OG KOMMUNALE SELSKAP

Sekretariatet si innstilling:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

07.09.22	
05.10.22	
16.11.22	
1. møte 2023	
2. møte 2023	

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 01.06.22:

Leiar innleia om saka. Medlemmene var samde om at dei ønskte å få meir informasjon om arbeidsmarknadsbedrifter der kommunen er eigar eller deleigar, og bruken av desse bedriftene. Utvalet ønskte å invitera kommunalsjefen for helse og omsorg i fyrste omgang, for å få eit oversyn.

Utvalet ønskte også å få ei orientering frå Ølen Næringspark AS. Medlemmene blei samde om å kome tilbake til planen til hausten.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.06.22:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

07.09.22	<i>Om kommunens arbeidsmarknadsbedrifter og bruken av desse v/kommunalsjef for helse og omsorg</i>
05.10.22	<i>Ølen Næringspark AS</i>

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

SAK 19/22 TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – «DIGITALISERING OG IKT» - 2. GONGS HANDSAMING

Sekretariatet si innstilling:

Alternativ A

Vindafjord kontrollutval gjer ingen endring i forvaltningsrevisjonsprosjektet om «Digitalisering og IKT» og opprettheld vedtaket i sak 05/22.

Alternativ B

Vindafjord kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å legge fram utkast til eit oppdatert prosjektmandat på revisjonsprosjektet «Digitalisering og IKT» med dei innspel som kjem fram i møtet 01.06.22, til neste møtet 07.09.22.

Handsaming i kontrollutvalet 01.06.22:

Leiar innleia og gjorde geie for bakgrunnen for saka. Forvaltningsrevisor Silje Nygård gjorde kort greie for status. Prosjektet var framleis i startsfasen, og revisjonen hadde hatt oppstartsmøte med administrasjonen. Ho rekna med at rapporten ville vera ferdig til møtet i november.

Medlemmene meinte det ikkje var naudsynt med løypemeldingar undervegs, dersom det ikkje var noko særleg å melda.

Utvalet var samd i å ikkje endra på prosjektet no, og vedtok samrøystes alternativ A.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.06.22:**Alternativ A**

Vindafjord kontrollutval gjer ingen endring i forvaltningsrevisjonsprosjektet om «Digitalisering og IKT» og opprettheld vedtaket i sak 05/22.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Leiarskifte

Leiar opplyste i byrjinga av møtet at han vil melde flytting frå kommunen 1. juli, og at han dermed vil gå av som utvalsleiar. Nestleiar vil fungere som leiar inntil kommunestyret har vald nytt medlem og ny leiar.

Nestleiar takka på slutten av møtet leiar for god styring av utvalet og for samarbeidet over mange år. Ho ønskte han lykke til vidare i ny kommune.

Neste møte: onsdag 07.09.22, kl. 15.00

Saker: orientering frå kommunalsjef helse og omsorg, tilbakemelding på forenkla etterlevingskontroll, tilbakemelding på revisjonsrapport «Internkontroll i barnehage og skule», revisor si eigenerklæring for 2022 og budsjettframlegg om kommunens kontrollarbeid for 2023

Ølen/Aksdal, 01.06.22

Kristian H. Risset
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	07.09.22	21/22
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

ORIENTERING OM KOMMUNEN SINE ARBEIDSMARKNADS- BEDRIFTER OG BRUKEN AV BEDRIFTENE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef for helse og omsorg om kommunen sine arbeidsmarknadsbedrifter og bruken av bedriftene til orientering.

Saksorientering

Frå hausten 2020 har kontrollutvalet fått ulike orienteringar i møta. Alle kommunalsjefar har orientert om sine oppgåver og ansvarsområder. Utvalet har også fått orienteringar frå nokre kommunalt eigde selskap.

Utvalet verkar å ha vore nøgd med å bli orientert om drifta av kommunen og kva som skjer innan resultatområda og støtte/stabfunksjonane. Planen har blitt følgt opp ved at leiarane har møtt til kontrollutvalsmøta, der dei på generell basis og ved å svare på spørsmål frå utvalet, har gjort greie for sitt arbeidsområde ved å orientere om drifta, rammevilkår, m.m.

I møtet 01.06.22, sak 18/22 vedtok utvalet følgjande oppdaterte plan:

Vindafjord kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering frå administrasjonen og/eller kommunale selskap:

07.09.22 *Om kommunens arbeidsmarknadsbedrifter og bruken av desse v/kommunalsjef for helse og omsorg*

05.10.22 *Ølen Næringspark AS*

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

I protokollen frå møtet 01.06.22 om handsaming av sak 18/22 står det mellom anna:

Medlemmene var samde om at dei ønskte å få meir informasjon om arbeidsmarknadsbedrifter der kommunen er eigar eller deleigar, og bruken av desse bedriftene. Utvalet ønskte å invitere kommunalsjefen for helse og omsorg i fyrste omgang, for å få eit oversyn.

Kommunedirektøren har opplyst at han og kommunalsjef for helse og omsorg vil delta i møtet 07.09.22.

Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller særskilte ønskjer om emne eller spørsmål, må dei varsle sekretariatet om det før møtet.

Aksdal, 31.08.22

Odd Gunnar Høie
Rådgjever/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	07.09.22	22/22
Kommunestyret	20.09.22	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «INTERNKONTROLL I BARNEHAGE OG SKULE»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Vindafjord kommunestyre tar kommunedirektøren si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten om «Internkontroll i barnehage og skule» til orientering.

Saksvedlegg: tilbakemelding frå kommunedirektøren, dagsett 21.06.22

Bakgrunn:

Vindafjord kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 14.12.21, sak 80/21 følgjande:

1. Vindafjord kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Deloitte AS sin rapport om «Internkontroll i barnehage og skule» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine 9 tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Føremålet med forvaltningsrevisjonen var å undersøke om Vindafjord kommune har internkontroll som sikrar at kommunale barnehagar og grunnskular etterlev/blir drive i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Revisor (Deloitte) hadde følgjande tilrådingar:

1. Utarbeide ei overordna retningslinje for korleis internkontroll skal utøvast og rapporterast i barnehagar og skular.
2. Formalisere leiarane sitt ansvar for internkontroll i kommunen sine leiaravtalar og i ev. andre styrande dokument.

3. *Etablere system og rutinar som sikrar at alle relevante delar av verksemda blir risikovurdert.*
4. *Utarbeide rutinar på område der det per i dag ikkje ligg føre skriftlege rutinar, slik som skulane sitt arbeid med tidleg innsats, trygt og godt psykososialt barnehamiljø, registrering av timar med spesialundervisning som ev. fell bort og ev. andre prosessar/oppgåver der kommunen er kjent med at det ikkje ligg føre skriftlege rutinar.*
5. *Sikre at alle rutinar jamleg blir evaluert og ved behov oppdatert, samt tydeleggjere kva ansvar einingsleiar har for å evaluere og oppdatere lokale rutinar.*
6. *Tydeleggjere bruk av Stafettloggen i samband med vurdering av spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp.*
7. *Avklare kva informasjon som kan delast på tvers av ulike einingar og instansar i det vidare arbeidet med tverrfagleg innsats rundt barn og unge.*
8. *Arbeide med å etablere ein tilfredsstillande avviksmeldekultur, under dette mellom anna:*
 - a. *Sikre at alle tilsette får tilstrekkeleg opplæring i korleis avvik skal meldast*
 - b. *Sikre at alle tilsette er kjent med kva forhold som skal meldast som avvik. Det bør skriftleggjerast rutinar for dette som i større grad omtalar kva forhold i barnehage og skule som skal meldast som avvik*
 - c. *Sikre at einingsleiarar jamleg tek opp viktigheiten av det å melde avvik i dialogen med dei tilsette, t.d. på personalmøte, i medarbeidersamtalar og i andre fora der dette er naturleg.*
9. *Etablere ein jamleg gjennomgang av internkontrollen i einingane.*

Oppfølging/tilbakemelding

Kommunedirektøren har i brev dagsett 21.06.22 gjeve tilbakemelding på status for oppfølging av rapporten og korleis tilrådingane har blitt følgt opp. Tilbakemeldinga tar punktvis for seg kvar av dei ni tilrådingane og det er gjeve kommentarar og omtalt kva som er blitt forbetra.

Sekretariatet har valt ikkje ta inn kommunedirektøren sine kommentarar/tilbakemelding inn i saksframlegget, så desse må lesast i vedlegget.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav E og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan og rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner kommunedirektøren i denne saka har gjeve ei god og grundig tilbakemelding på korleis revisjonen sine tilrådingar har blitt følgt opp.

Aksdal, 31.08.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks

Dato: 21.06.2022

Postboks 57

Dokumentnummer: 22/2371-2

5575 Aksdal

Dykkar referanse: Odd Gunnar Høie

Saksbehandlar: Nils Erik Eide

Kommunedirektøren si tilbakemelding til kontrollutvalget, forvaltningsrevisjon internkontroll barnehage og skule

Det vert vist til vedtak i kommunestyret i sak 080/21, med anmodning om tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet innan ni månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak. I det følgende ligg kommunedirektørens tilbakemelding på dei ni tilrådingane frå revisjonsrapporten.

Viser til vedlegg.

Med helsing

Nils Erik Eide
kommunalsjef for oppvekst

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Kopi til:

Ole Johan Vierdal
Yngve Folven Bergesen

Vedlegg:

Svar på revisjon Deloitte oppvekst sept2022 med vedlegg



VINDAFJORD
KOMMUNE

SVAR FORVALTNINGSREVISJON DELOITTE

Internkontroll i barnehage og skule oktober 2021

Kontrollutvalet 7. september 2022

Innhald

Innhald	2
Innleiing.....	3
Tilrådingar frå Deloitte	4
1. Utarbeide ei overordna retningslinje for korleis internkontroll skal utøvast og rapporterst i barnehagar og skular	5
2. Formalisere leiarane sitt ansvar for internkontroll i kommunen sine leiaravtalar og i ev. andre styrande dokument.....	9
3. Etablere system og rutinar som sikrar at alle relevante delar av verksemda blir risikovurdert	10
4. Utarbeide rutinar på område der det per i dag ikkje ligg føre skriftlege rutinar, slik som skulane sitt arbeid med tidleg innsats, trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, registrering av timar med spesialundervisning som ev. fell bort og ev. andre prosessar/oppgåver der kommunen er kjent med at det ikkje ligg føre skriftlege rutinar.....	14
5. Sikre at alle rutinar jamleg blir evaluert og ved behov oppdatert, samt tydeleggjere kva ansvar einingsleiar har for å evaluere og oppdatere	17
6. Tydeleggjere bruk av Stafettloggen i samband med vurdering av spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp	18
7. Avklare kva informasjon som kan delast på tvers av ulike einingar og instansar i det vidare arbeidet med tverrfagleg innsats rundt barn og unge	23
8. Arbeide med å etablere ein tilfredsstillande avviksmeldekultur, under dette mellom anna:.....	26
9. Etablere ein jamleg gjennomgang av internkontrollen i einingane.....	27
Vedlegg	28



Innleiing

Sidan rapporten blei offentleggjort i oktober 2021 har oppvekst jobba med å imøtekoma tilrådingane. Det har vore ein spanande prosess, og det er viktig at desse tilrådingane vert jobba med og sett inn i system for å sikra at barn og unge får den rette oppfølginga dei har krav på.

I dette svarokumentet har me prøvd å svara ut på ein ryddig og god måte. Desse rutinane vert lagt inn i vårt interne kvalitetssystem, slik at dei tilsette får lett tilgang til dei.

Styrarar, rektorar og PPT leiar, i tillegg til barnehage-/skuleeigar har vore med på dette arbeidet med å imøtekoma tilrådingane på ein god måte. Det betyr at dei har vidare ansvar for å forankra desse nye retningslinjene/rutinane/planane ut i einingane.

Vil nytta høvet til å takka leiarane, rådgjevarar og Deloitte for godt samarbeid til det betre for barn og unge i Vindafjord kommune.

Nils Erik Eide

Kommunalsjef oppvekst



VINDAFJORD KOMMUNE

Tilrådingar frå Deloitte

Basert på det som kjem fram i undersøkinga vil revisjonen tilrå at Vindafjord kommune set i verk følgjande tiltak:

1. Utarbeide ei overordna retningslinje for korleis internkontroll skal utøvast og rapporterast i barnehagar og skular
2. Formalisere leiarane sitt ansvar for internkontroll i kommunen sine leiaravtalar og i ev. andre styrande dokument
3. Etablere system og rutinar som sikrar at alle relevante delar av verksemda blir risikovurdert
4. Utarbeide rutinar på område der det per i dag ikkje ligg føre skriftlege rutinar, slik som skulane sitt arbeid med tidleg innsats, trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, registrering av timar med spesialundervisning som ev. fell bort og ev. andre prosessar/oppgåver der kommunen er kjent med at det ikkje ligg føre skriftlege rutinar
5. Sikre at alle rutinar jamleg blir evaluert og ved behov oppdatert, samt tydeleggjere kva ansvar einingsleiar har for å evaluere og oppdatere lokale rutinar
6. Tydeleggjere bruk av Stafettloggen i samband med vurdering av spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp
7. Avklare kva informasjon som kan delast på tvers av ulike einingar og instansar i det vidare arbeidet med tverrfagleg innsats rundt barn og unge
8. Arbeide med å etablere ein tilfredsstillande avviksmeldekultur, under dette mellom anna:
 - a) Sikre at alle tilsette får tilstrekkeleg opplæring i korleis avvik skal meldast
 - b) Sikre at alle tilsette er kjent med kva forhold som skal meldast som avvik. Det bør skriftleggjerast rutinar for dette som i større grad omtalar kva forhold i barnehage og skule som skal meldast som avvik
 - c) Sikre at einingsleiarar jamleg tek opp viktigheten av det å melde avvik i dialogen med dei tilsette, t.d. på personalmøte, i medarbeidersamtalar og i andre fora der dette er naturleg
9. Etablere ein jamleg gjennomgang av internkontrollen i einingane

1. Utarbeide ei overordna retningslinje for korleis internkontroll skal utøvast og rapporterst i barnehagar og skular

Overordna retningslinjer for korleis internkontroll skal utøvast og rapporterst i barnehagar og skular

- Internkontroll skal gjennomførast i løpet av våren (seinast mars):
 - Vernerunde og gjennomgang av avvik
 - Ny gjennomgang trafikklysmodell på handlingsplan seinast september.
 - Verneombod, einingsleiar og vaktmeister (einingssleiar reinhald?) er med på internkontroll.
- Avvik på over 10.000 kr skal sendast til Famac web. Mindre avvik skal ordnast på eininga. Trafikklysmodell skal brukast for gradering av avvik.
- Handlingsplan (felles mal) skal sendast signert til personalkontor og hovudverneombod.
- Psykososialt arbeidsmiljø skal vera tema på medråderettsmøte og i medarbeidersamtale

Sjå elles skjema på s. 6, 7 og 8, felles overordna skjema på internkontroll.



Dokumenttype:	Revideres av:	Dokumentnummer:	Versjon:	Prosess:
Prosedyre	Kristin Marie Dahle	RMKS-9-737	5.1	HMS

A.10.1 INTERNKONTROLLMØTE

Minst 1 gong i året (innan utgangen av mai månad, for å få resultatet av møtet med i budsjettsamanheng til hausten) skal det i kvar eining haldast eit internkontrollmøte. På dette møtet skal eininga:

- Utføre internkontrollrunde (føres i eige skjema)
- Evaluere eininga sitt internkontrollsystem (bl.a. er det fortsatt behov for prosedyrer, materiell, C-skriv etc.)
- Kartlegge (evt. risikovurdere) eventuelle psykososiale og/ eller fysiske arbeidsmiljøproblem (som kjem fram i internkontrollrunden, eller som er kjende frå før) med utgangspunkt i:
 - internkontrollrunde
 - avviksrapportane
 - sjukemeldingar
 - skademeldingar
 - det kjenskap arbeidsgjevar og verneombod har til arbeidet i eininga
- Evaluere fjorårets handlingsplan
- Utarbeide ny handlingsplan for komande år (handlingsplanen skal brukast i budsjettsamanheng

Deltakarar i internkontrollmøte:

- Einingsleiar
- Verneombod



Dokumenttype: Skjema	Revideres av: Kristin Marie Dahle	Dokumentnummer: RMKS-9-735	Versjon: 5.2	Prosess: HMS
-------------------------	--------------------------------------	-------------------------------	-----------------	-----------------

HMS – ARBEIDET I VINDAFJORD KOMMUNE

SKJEMA FOR INTERNKONTROLLRUNDE

Skal vurderast ved kartlegging/ risikovurdering og utarbeiding av handlingsplan

Eining:

SAK/ PROBLEM:	TILTAK/ VIDARE HANDSAMING

Dato: _____ Einingsleiar: _____

Verneombod: _____



Dokumenttype:

Skjema

Revideres av:

Kristin Marie Dahle

Dokumentnummer:

RMKS-9-733

Versjon:

5.1

Prosess:

HMS

HMS – ARBEIDET I VINDAFJORD KOMMUNE

HANDLINGSPLAN OG EVALUERING AV DET PSYKOSOSIALE OG FYSISKE ARBEIDSMILJØET

År	Eining	Einingsleiar	Verneombod

Prioritet	Arbeidsmiljøproblem	Tiltak (bruk vedlegg v/behov)	Ansvar	Evaluerings (dato og kva er gjort)

Side ____ av ____ Dato: _____ Einingsleiar: _____ Verneombod: _____

2. Formalisere leiarane sitt ansvar for internkontroll i kommunen sine leiaravtalar og i ev. andre styrande dokument

Under pkt 14.5 er det no leiarane sitt ansvar for internkontroll formalisert:

14.5	Arbeidsgjevaransvar • Leiar representerer kommunedirektøren og er arbeidsgjevar overfor arbeidstakarane og organisasjonen. • Leiar skal sørge for at kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk vert gjort kjent og praktisert i verksemda. • Leiar skal ta initiativ til å gjennomføre omstillings- og utviklingstiltak innfor eiga avdeling. • Leiar kan ikkje inneha tillitsverv etter HA eller på annan måte representere arbeidstakarane sine organisasjonar overfor arbeidsgjevar. • Leiar skal gjennomføre internkontroll i samsvar med overordna plan for internkontroll i Vindafjord kommune og elles spesifikke planar og rutinar for det enkelte område, der det er utarbeidd.
------	---

Heile leiaravtalen ligg som vedlegg nr.1

3. Etablere system og rutinar som sikrar at alle relevante delar av verksemda blir risikovurdert



Skjema ROS

1. Område: Vald og trugslar, evt anna område

2. Kva kan gå galt? (NB! Ei hending per skjema)

3. Kva kan vera årsak til ei slik hending?

4. Gjer ei risikovurdering av hendinga.

RISIKODIAGRAM, grunnskulen i Vindafjord						
KONSEKVENS						
S A N N S Y N L I G H E T		Svært liten (Ubetydeleg)	Liten	Moderat	Stor (Alvorleg)	Svært stor (Svært alvorleg)
	Svært stor (Særs truleg)					
	Stor (mykje truleg)					
	Moderat (Truleg)					
	Liten (Mindre truleg)					
	Svært liten Lite truleg					

Grøn sone (1-4): Hendingar som ligg i grønne felt kan aksepteras og gir ikkje grunn til å sette i verk tiltak som kan redusere risikoen.

Gul sone (5-10): Hendingar som ligg i gule felt vil kunne bli akseptert om det ikkje finns erikle forebyggjande eller skadeavgrensande tiltak.

Red sone (12-25): Hendingar som ligg i røde felt er hendingar som det er sterkt ynskjeleg å redusere risikoen for då dei skjer relativt ofte og kan ha svært alvorlege konsekvensar.



VINDAFJORD KOMMUNE

5. Kva kan bli konsekvensen for eleven/elevane av ei slik hending?

6. Kva kan bli konsekvensen for den tilsette?

7. Tiltak me har på plass for å unngå at slikt skjer/reduserer faren om det skulle skje.

8. Behov for nye/fleire tiltak

Forslag til tiltak:	Ansvarlig:	Blir utført innan dato:

Heile ROS skjema ligg som vedlegg nr. 2

System og rutine for risikovurdering i bhg-skule

Årshjul for tema/områder for risikovurdering på einingane

- Einingsleiar må sjølv lage situasjonar ut frå tema som er lista opp nedanfor, desse må vera tilpassa eininga
- Under kvart tema må einingsleiar lage fleire situasjonar som skal ROS-analyserast, dette må tilpassast eininga
- Bruk ROS- skjema for gjennomføring av risikovurdering
- Dersom det kjem fram tiltak som ikkje er sikra i eksisterande rutinar må ein anten revidera eksisterande rutinar eller lage ny
- Lista nedanfor er ikkje uttømmende
- ROS som høyrer til bygg og brann skal risikovurderast i Famacweb

Tid	Tema/områder	Kven skal gjennomføre ROS?
August	Overgangssituasjonar	Alle
	SFO	SFO-personalet
	Friminutt/Vakt	Alle
	Konflikter og potensielle konfliktsituasjonar	Alle
	Levere/hente situasjonar	Alle
Oktober	Vikar	Alle
	Hendingar i trafikken	Alle
	Innhenting av politiattest	Leiing
	Sjukdom/pandemi	Leiing
Februar	Vanskelege samtalar med elevar/barn	Alle
	Pedagog med ansvar for fag/barnegruppe er sjukemeldt over lang tid	Leiar
	Elev/barn blir borte frå skule/SFO/bhg	Alle
April	Rutinar, nøklar	Alle
	Undervisningstime, inkludert praktisk estetisk fag, eller andre timar med lausare former.	Aktuelle pedagogar
Etter behov	Gravide	Leiing

Tid	Tema/områder	Døme på tiltak
August	Overgangssituasjonar	Rutine på kven som har ansvar, kartlegging av blindsoner,
	SFO	Ansvarsfordeling mellom tilsette (tilsett 1 har ansvar for.. Tilsett 2 har ansvar for..)
	Friminutt/Vakt	Vaktrutinar som er tilpassa eininga (må skriftleggjerast)
	Konflikter og potensielle konfliktsituasjonar	Arbeid med verdisyn/elevsyn, autoritativ vaksen. Gode flytskjema på eininga....
	Levere/hente situasjonar	Ansvarsfordeling mellom tilsette. Gode rutinar inn mot føresette



Oktober	Vikar	Rutinehefte som blir delt ut for gjeldande eining
	Hendingar i trafikken	Aktiv hjertesone på skule/barnehage. Gode rutinar som er kjent for tilsette og føresette. Rutiner når elevgruppa/barngruppa er på tur (eigen ROS skal fyllast ut av pedagog før kvar tur)
	Innhenting av politiattest	Leiar må ha rutine for å innhente politiattest. Attest må på plass før person startar i jobb.
	Sjukdom/pandemi	Jamfør kontinuitetsplan i Vindafjord kommune og beredskapsplan for eininga
Februar	Vanskelege samtalar med elevar/barn ("den gode samtalen" Atle Aas)	Arbeid med verdisyn/elevsyn, autoritativ vaksen Kurs- "samtale med barn" RVTS
	Pedagog med ansvar for fag/barnegruppe er sjukemeldt over lang tid (meir enn 3 veker)	Årsplanar/evt andre tilgjengeleg. Informasjon til føresette
	Elev/barn blir borte frå skule/SFO/bhg	Eininga må ha rutinar for kven som har ansvar- kven blir kontakta,
April	Rutinar, nøklar	Nøkkelband, nøkkeltort, regler for oppbevaring av nøkkel
	Undervisningstime, inkludert praktisk estetisk fag, eller andre timar med lausare former.	Tydelege reglar for å nytte utstyr/vera i reglar som er kjent for elevar og vaksne "Romreglar" som er med i rutinehefte
Etter behov	Gravide	Samtalar, tilrettelegge arbeidssituasjon

Heile skjema for system og rutine for risikovurdering i bhg-skule ligg som vedlegg nr. 3

4. Utarbeide rutinar på område der det per i dag ikkje ligg føre skriftlege rutinar, slik som skulane sitt arbeid med tidleg innsats, trygt og godt psykososialt barnehagemiljø, registrering av timar med spesialundervisning som ev. fell bort og ev. andre prosessar/oppgåver der kommunen er kjent med at det ikkje ligg føre skriftlege rutinar.

A) Rutine registrering av spes.ped timar som fell bort

1. Bruk Acos+ websone lærar sikker sone
2. Skjema for registrering av timar med spesialundervisning som fell bort:

- Namn :

Dato	Bortfall av timar	Årsak	Timar tatt igjen	Sign

3. Sum antal timar bortfall, vert overført til årsrapport

B) Rutine tidleg innsats

1. Nytt Acos+ websak sikker sone lærar

- Skjema ligg i websak (sjå nedanfor)
- Kunne hentast opp til enkelt elev
- Skjemaet skal brukast til tidleg innsats og tilpassa opplæring

2. Tiltakslogg

Namn: _____

Dato	vanskeområde	Tiltak	Evaluering

3. Skjema for tilbod om tiltak


Dato	Tilbod/Tiltak	Tek i mot		sign
		ja	nei	

- Nytt Acos+ websak sikker sone lærar
- Skjema må lagast og lagras i websak
- Kunne hentast opp til enkelt elev
- Skjemaet skal brukast til eit tidsavgrensa tilbod til eleven

C) Rutine for trygt og godt psykososialt barnehage og skulemiljø

Rutinen er utarbeidd i Framsikt og ligg på kommunen sine heimesider, lett tilgjengeleg for føresette og tilsette.

<https://pub.framsikt.net/plan/vindafjord/plan-fcd99875-609b-47d2-8473-c97a3282724d-13831/#/>



Rutine for evaluering og oppdateringar av rutinar oppvekst

- Skjema «Framdriftsplan evaluering og oppdatering av planar og rutinar i oppvekst» (ovanfor) skal liggje på felles Team for oppvekstgjengen.
- Skjema skal til ei kvar tid oppdaterast med nye opplysningar
- Dette skjema skal fire gonger i året vera agenda på UGO (utviklingsgruppe oppvekst), som er eit overordna styringsorgan som består av representantar frå styrarar, rektorar, PPT/barnevern og barnehage – og skuleeigar.
- Det skal også vera på agendaen på det årlege sommarmøtet i oppvekst der alle einingsleiarar er representert.
- Ved nye rutinar og planar skal det utarbeidast eit mandat frå barnehage – og skuleeigar der ein opprettar arbeidsgruppe med utnemnd leiar og frist for ferdigstilling. Leiar har ansvar for å oppdatere skjema til ei kvar tid.
- Dokumentet er «flytande», og dersom rutinar blir avvikla skal dei fjernast frå dette dokumentet.
- Nye rutinar og planar skal kvalitetssikrast og godkjennast før dei eventuelt kjem inn i dokumentet.
- Forklaring status: Kvitt = ikkje påbegynt **Raud = utgått** **Gul = nærmar seg utgått** **Grøn = Oppdatert**
- Dokument som er brukarrelaterte vert publisert på nettsida til kommunen når dei er ferdigstilte. Interne rutinar og planar vert lagt inn i kommunen sitt kvalitetssystem.

6. Tydeleggjere bruk av Stafettloggen i samband med vurdering av spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp



Pedagogisk, psykologisk teneste
PPT
Vindafjord og Etne kommunar



Vedlegg 2

Gjeld frå 01.03.22

Rutine STAFETTLOGGEN

Har du uro for utviklinga for eit barn i barnehage eller skule? Det vart gjort vedtak om at «Handlingsretteleiar» skal vera tilgjengeleg for føresette, barn/ungdom og tilsette på tvers av tenester i samarbeid og samhandling. Du finn handlingsretteleiar på:
Vindafjord kommune: <https://vindafjord.betreinnsats.no/> eller <https://etne.betreinnsats.no/>

Stafettlogg ertstatta tiltakslogg 01.08.2020. Du finn meir informasjon om «Stafettloggen» og om pålogging på <https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/uro-for-eit-barn-bti/stafettloggen/>

1. Uro skal meldast frå om til leiaren. Leiaren gjev deg tilgang til «Stafettloggen».
 2. «Stafettloggen» vert teken i bruk på nivå 1, i samarbeid og etter skriftleg samtykke frå føresette. «Stafettlogg» vert oppretta i <https://stafettloggen.conexus.no/>. For å nytta Stafettloggen vert ID-porten nytta. Du vel pålogginga som passar best for deg. Last opp samtykket frå foreldre/føresette.
 3. Dokumentasjon av tiltak gjennom prosess i «Tidleg innsats» og før evt. tilvising til PPT, gjer ein i «Stafettloggen».
 4. Den som er stafetthaldar skriv i «Stafettloggen». Det skal alltid vera eitt tiltak i barnehage/på skulen og eitt tiltak heime. Tiltaka skal vera konkrete, positive og ha mål om øving og meistring. Tiltak i «Stafettloggen» vert evaluert innan 4- 8 veker.
 5. Brukarretteleingar med brukarstøtte og tasteretteleiarar finn ein når ein er komen inn i stafettloggen om du klikkar på ? inne på startside i loggen. Brukarretteleingane kan ein ta utskrift av. Opplæringsvideoar for «Stafettloggen» er å finna på [her](#). Ein bruker passordet Stafettlogge_2021 ved innlogging.
 6. Om ei sak er tilvist andre tenester, får dei som har tiltak i prosessen, lesetilgang. «Stafettloggen» skal nyttast i rettleiingsarbeid og systematisk samarbeid som involverer fleire tenester. Samarbeidsdokument kan lastast opp som vedlegg under «notat» i stafettloggen.
- Tenester, inkludert PP-tenesta, får tilgang til «Stafettloggen» om saka vert ei rettleiingssak etter utgreiing eller det vert eit systematisk tverrfagleg arbeid i saka.
7. «Stafettloggen» vert nytta i oppfølging av saker knytt til barnehagelova § 31 og 37, jmf. rutine.
 8. Ved tilvising til PPT, skal alltid utskrift av «Stafettloggen» med dokumentasjon på tiltak og evaluering vera lagt ved tilvisinga.
 9. Når «Stafettloggen» vert avslutta, flyttar ein loggen inn i barnehagemappa / elevmappa via websak.
 10. Den som er stafetthaldar, har ansvar for å flytta loggen over til ny stafetthaldar, enten i eiga eining, mellom einingar eller over til ny kommune.

Brukerveiledninger

- Vil brukerveiledning
- Tilsetteveiledning - Opprette barnslogg
- Tilsetteveiledning - Opprette oppmerksomhet
- Tilsetteveiledning - Opprette tilbak og evaluere tiltak
- Tilsetteveiledning - Nytt møte og tegne mate
- Tilsetteveiledning - Drettfere stafettlogg
- Tilsetteveiledning - Motta overført stafettlogg
- Tilsetteveiledning - Opprette brukers

Heile rutinen om stafettloggen ligg som vedlegg nr. 4.

Informasjonsskriv til føresette om Stafettloggen



VINDAFJORD
KOMMUNE

Til føresette til _____

Stafettloggen er eit verkty som Vindafjord kommune vedtok å ta i bruk frå 1. august 2020. Før ein eventuelt tek kontakt med PPT eller melder opp eit barn til PPT skal Stafettloggen nyttast først.

Stafettloggen er eit samhandlingsverkty mellom ulike instansar som t.d. skule, barnehage, helsesjukepleiar, PPT, føresette osv. Skulen/barnehagen skal ta i bruk Stafettloggen når me er uroa for eit barn si faglege eller sosiale utvikling, men også uroa for andre ting.

Ein deler inn Stafettloggen i ulike nivå; 0,1,2,3. Nivå 0 er når ein kun prater om barnet, eller at foreldre tek kontakt med t.d. skulen og ein diskuterer rundt barnet. Nokre gonger kjem ein fram til at «det var ingenting», eller at ein har kontroll på uroinga. Medan andre gonger blir ein einige om at her har me ei uro som me må ta vidare til nivå 1, og det er på nivå 1 Stafettlogg blir oppretta. Les meir på Vindafjord kommune si side. <https://vindafjord.betreinnsats.no/bti-rettleiar/>

På nivå 1 blir ein einige om å setje inn ulike tiltak (t.d. eit tiltak vil vera å tilvise barnet til PPT, eit anna tiltak er å ha intensivt lesekurs, tilpassa lekser osv). Tiltaka blir evaluert etter ein viss periode for å sikra at me ser om det har ønska effekt, og for å sikra framgang. Det kan vera at ein etter å ha evaluert kjem fram til at ein ikkje har behov for vidare oppfølging, og då lukkar ein Stafettloggen, den blir passiv. Åra går og alt er «normalt», så kan det hende at når ein startar på ungdomsskulen at ein lærar undrar seg over utviklinga på t.d. lesing. Han/ho ser at det har vore ført ein Stafettlogg i t.d. 3.klasse, men må få lov av føresette til å opne den. (Då vil ein få god dokumentasjon over kva som blei gjort/ikkje gjort i høve til dette barnet).

Det kan også hende at ein finn ut at eleven treng meir oppfølging, at eleven treng å bli meldt opp til PPT for ei sakkyndig vurdering dersom me ser at eleven har krav på spesialundervisning. Då vil PPT alltid spørje om det er oppretta Stafettlogg og at tiltak er sett inn i nivå 1 først og prøvd ut- ein får med andre ord ikkje melde opp før ein ser at skulen har gjort det ein kan sjølv først.

Stafettloggen er også god dokumentasjon for å sikra at eleven får den opplæringa ein har krav på. Stafettloggen har to-faktor system og sikkerheitsnivå 4 som er godkjent av Datatilsynet.

Vedlagt dette skrivet ligg samtykke til at skulen får opprette Stafettlogg.

Mh

Informasjonsskrivet til føresette om Stafettloggen ligg som vedlegg nr. 5.

§31 rutine for oppfølging stafettlogg



Rutine for oppfølging av barnehagelova § 31

§ 31 Rett til spesialpedagogisk hjelp

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom de har særlige behov for det. Dette gjelder uavhengig av om de går i barnehage.

Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barn tidlig hjelp og støtte i utvikling og læring av for eksempel språklige og sosiale ferdigheter.

Spesialpedagogisk hjelp kan gis til barnet individuelt eller i gruppe. Hjelpen skal omfatte tilbud om foreldrerådgivning.

Kommunen skal oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp for barn bosatt i kommunen.

Det er såleis kommunen som er ansvarleg for at born med rett til spesialpedagogisk hjelp får det i samsvar med sakkunnig vurdering, vedtak og IU-plan.

Vindafjord kommune vil difor jamleg observera i alle barnehagane at spesialpedagogisk hjelp vert gjennomført i samsvar med sakkunnig vurdering, vedtak og IU-plan.

Avdelingsleiar i samarbeid med spesialpedagog, har ansvar for å utarbeida IU-plan.

Då det er kommunen som er ansvarleg for at born får spesialpedagogisk hjelp, vil dette ikkje vera eit tilsyn med barnehagen. Observasjonane er for å kontrollera at Vindafjord kommune oppfyller retten borna har etter barnehagelova § 31 og at tilbodet er i samsvar med sakkunnig vurdering, vedtak og IU-plan. Det vil vera både melde og umelde observasjonar.

«Stafettloggen» kan nyttast i arbeid med gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak. I saker med tiltak og der PP-tenesta er med i rettleingsmøte, har både føresette og PP-tenesta lesetilgang. Tiltaka bør evaluerast etter 2-8 veker. Om fleire tenester er med i t.d. ansvarsgruppe, kan fleire ha lesetilgang.

IU-plan skal sendast Vindafjord kommune ved barnehagemynde innan 1. oktober eller innan éin mnd etter dato for vedtak for vedtak gjort seinare i barnehageåret.

IU-planen skal evaluerast gjennom året og ferdigstillast 1. juni.

Evalueringane skal sendast til Vindafjord kommune ved barnehagemynde og PPT 01.06 kvart barnehageår.

Ansvar for evalueringa ligg på avdelingsleiar i samarbeid med spesialpedagog.

Heile §31 rutine for oppfølging stafettlogg ligg som vedlegg nr.6.

Rutine oppfølging §37 stafettloggen



Rutine for oppfølging av barnehagelova § 37

§ 37 Barn med nedsett funksjonsevne

Kommunen skal sikre at barn med nedsett funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagetilbud. Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser. Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbudet til barn med nedsett funksjonsevne.

Det er såleis kommunen som er ansvarleg for at born med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbud i samsvar med vedtak. Vindafjord kommune vil difor jamleg observera i alle barnehagane at retten borna har etter barnehagelova § 37 vert gjennomført i samsvar med vedtak og tiltaksplan.

Avdelingsleiar i samarbeid med den som skal følgja opp vedtaket på § 37, har ansvar for å utarbeida tiltaksplan i «Stafettlogg».

Då det er kommunen som er ansvarleg for å sikra at born med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbud, vil dette ikkje vera eit tilsyn med barnehagen. Observasjonane er for å kontrollera at Vindafjord kommune oppfyller retten borna har etter § 37 og at tilbodet er i samsvar med vedtak og tiltaksplan. Det vil vera både melde og umelde observasjonar.

Det skal opprettast «Stafettlogg» før tilmelding til Vindafjord kommune. Denne fungerer som tiltaksplan.

Tiltaksplan i «Stafettlogg» skal sendast Vindafjord kommune ved barnehagemynde som vedlegg til tilmeldinga

Tiltak i «Stafettloggen» skal evaluerast innan 1. november (lokal i barnehage) , 15. desember, 15. mars (lokal i barnehage) og 1. juni.

Ein nyttar «Stafettloggen til å evaluera tiltaksplanen.

Ansvar for evalueringa har avdelingsleiar i samarbeid med den som følgjer opp tiltaket og føresette.

Ein tek utskrift frå Stafettloggen» og sender evalueringane til Etne kommune ved barnehagemynde innan 15.12. og 01.06. kvart barnehageår.

Heile rutine oppfølging §37 stafettloggen ligg som vedlegg nr.7.

Melding om behov for individuelt tilrettelagt barnehage tilbud §37

Melding om behov for individuelt tilrettelagt barnehage tilbud for born med nedsett funksjonsevne, jfr. barnehagelova § 37

Kommunen som barnehagemyndeskal gjera ei konkret og individuell vurdering med grunngjeving og fatta vedtak om tilrettelegging av barnehage tilbudet til born med nedsett funksjonsevne etter barnehagelova § 37. I den samanhengen ber me om opplysningar som kan klargjera behov for individuell tilrettelegging.

Det skal opprettast «Stafettlogg» før melding vert sendt til Vindafjord kommune. Utskrift av loggen legg ein som vedlegg til meldinga.

Del 1: Om barnet

Gjeld for periode/barnehageår:		
Namnet til barnet:		Fødselsdato:
Forelder – 1:		Adresse:
Morsmål:		Telefon:
Forelder – 2:		Adresse:
Morsmål:		Telefon:
Barnet si opphaldstid i barnehagen:		
Informasjon om barnet		
Grei ut om barnet sine styrkar, interesser og meistringsområde		
Grei ut om barnet sine utfordringar/vanskar/nedsette funksjonsevne		
Følgjande dokumentasjon er lagt ved: (lege, anna helsepersonell, BUP el.)		Datert:

1

Heile skjema om melding om behov for individuelt tilrettelagt barnehage tilbud for born med nedsett funksjonsevne, jfr barnehagelova §37 ligg som vedlegg 8.

7. Avklare kva informasjon som kan delast på tvers av ulike einingar og instansar i det vidare arbeidet med tverrfagleg innsats rundt barn og unge



Rutine for å innhenta samtykke hos føresette

Kommunen har plikt til å henta inn samtykke hos føresette for å starta «Stafettlogg» og samhandla på tvers av tenester.

For å drøfta ei sak om barn/elev på PP-dag, er det tilstrekkeleg å innhenta munnleg samtykke hos føresette.

Om ein skal innhenta samtykke til å starta «Stafettlogg» innhentar ein samtykke hos føresette og lastar dette opp i «Stafettloggen». Dokumenter finn ein på http://betreinnsats.no/wp-content/uploads/2018/01/samtykke-til-stafettlogg_nynorsk.pdf

Om ein treng samarbeida på tvers av tenester, har kvar teneste sjølvstendig ansvar for å innhenta samtykke til dette samarbeidet gjennom <http://nyriskmanagerkvalitetssystem/SitePages/Fellesrutinar/Fellesrutinar.aspx> og «Teieplikt» gjennom skjema «Samtykkeerklæring til avgrensa oppheving av teieplikta».

Ved inntak hos PP-tenesta, familieteamet eller i Barnevernstenesta, er det viktig å etterspørja kva tenester som er med i saka og fylla ut dette samtykkeskjema. I tillegg er det viktig å leggja dette samtykket ved om ein kallar inn til tverrfagleg møte, eller har behov for opplysningar frå andre tenester.

Tolkelova frå 01.01.022 forpliktar alle tenester til å nytta tolk ved språkbarrierar for å sikra rettsryggleik når ein informerer om samtykke og saksgang i kommunen si forvaltning.

Rutinen for å innhenta samtykke hos føresette ligg som vedlegg 9.



Dokumenttype:	Revideres av:	Dokumentnummer:	Versjon:	Prosess:
Mål	Inger Kathrine Sundve	RMKS-9-2936	3.0	Felles fellesrutinar; Felles oppvekst; Felles helse, omsorg og velferd; PPT

SAMTYKKEERKLÆRING

AVGRENSA OPPHEVING AV TIEIPLIKTA

Namn til barn / ungdom / vaksen: (tenestemottakar)	Fødselsdato:
Initiativtakar/teneste til samtykkeerklæringa:	Sign:

Eg/me samtykker til at følgjande tenester kan samarbeida, og opphevar med det tieiplikta så langt som samtykket gjeld. (set x):

☐ Barnehage ☐ Skule ☐ PP-teneste ☐ Helsestasjon / skulehelseteneste ☐ Jordmor ☐ Familieteamet ☐ Barnevernstenesta ☐ Fysioterapi / ergoterapitenesta ☐ NAV ☐ Flyktningetenesta ☐ Psykisk helse vaksen	☐ Fastlege ☐ Tilrettelagte tenester ☐ Pleie og omsorg ☐ Tenestekontoret ☐ Bustadkontor ☐ SLT ☐ Politiet ☐ Stafettloggen ☐ Tverrfagleg oppvekstteam ☐ Anna (spesifiser) ☐ Anna (spesifiser)
---	---

Eg/me er einige i at opplysningar/vurderingar kan delast med dei nemnde tenestane for å bidra til å skapa heilskapleg og koordinert innsats.

Eg/me er gjort kjend med at føremålet med utveksling av opplysningar er med på å gi eit best mogleg tilbod, og at informasjonen som vert gjeven er avgrensa til det som til ein kvar tid er naudsynt. Dersom informasjon skal avgrensast vert dette presisert nedanfor:

Dette samtykket er gitt under føresetnad av at underskrivaren på førehand er gjort kjend med tema/opplysningar/vurderingar som skal drøftas med samarbeidande instansar.

Samtykket gjeld frå og til:

Eg/me er gjort kjend med at samtykket skriftleg kan trekkjast attende.

Stad/dato:	Tenestemottakar (ved fylte 15 år)
Stad/dato:	Forelder/føresett/pårørande 1/verge
Stad/dato:	Forelder/føresett/pårørande 2

Lov om barn og foreldre (barnelova)

§ 31. Rett for barnet til å vere med på avgjerd

Eit barn som er fylt sju år, og yngre barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, skal få informasjon og høve til å seie meininga si før det blir teke avgjerd om personlege forhold for barnet, mellom anna om foreldreansvaret, kvar barnet skal bu fast og samvær. Meininga til barnet skal bli vektlagt etter alder og modning. Når barnet er fylt 12 år, skal det leggast stor vekt på kva barnet meiner.

Frå 7 års alder skal eit barn si meining/synspunkt vektleggast, etter barnelova § 31. For barn under 18 år skriv foreldra under, men etter fylte 15 år skal barnet sjølv skriva under saman med dei. Ved fylte 16 år, kan barnet nekta foreldre kjennskap til helseopplysningar. Når tenestemottakar ikkje har samtykkekompetanse, skal samtykket underteiknast av næraste pårørande eller verge.

Lovheimlar for teieplikt:

Forvaltningslova § 13-13e, Pasient- og brukerrettighetslova § 3-6, Helsepersonellova kapittel 5 § 21 – 25, Barnevernlova § 6-7.

Helse- og omsorgstenestelova § 12-1, Opplæringslova § 5.4 og § 15.4, Barnehagelova kap VA §19b og Folketrygdlova §§ 21-9, 25-10 og 25-11.

Stafettlogg:

Eige samtykkeskjema for oppretting av elektronisk stafettlogg er tilgjengeleg i BTI-handlingsrettleiaren: <https://vindafjord.betreinnsats.no/bti-rettleiar/>

Tverrfagleg oppvekstteam barnehage og skule:

Samtykke til drøfting i teamet ved den einskilde barnehage / skule. Eit drøftings- og læringsorgan med målsetjing om å utvikla den einskilde sin refleksjon og kompetanse. Auka individuell og felles tverrfagleg handlingskompetanse, gje støtte til tidleg hjelp til barn og følgja og handla i høve utviklinga på oppvekstområdet i kommunen. Foreldre/førsette kan delta, og barn / elev skal verta høyrte, og kunne delta om dei ynskjer.

Tverrfagleg oppvekstteam ved barnehage og skule har faste representantar frå PPT, helsesjukepleiar og barnevernet. Ved ungdomsskulane deltek i tillegg SLT og politiet.

Rutine:

Den eininga som først kjenner behov for tverrfagleg samarbeid, syt for signatur på samtykkeerklæring. Kopi skal overbringast til alle involverte einingar.

NB: Noter utløpsdato og syt for at eventuelt nytt skjema er underteikna i tide.

Samtykkeerklæring avgrensa oppheving av teieplikta ligg som vedlegg 10.

8. Arbeide med å etablere ein tilfredsstillande avviksmeldekultur, under dette mellom anna:

- a. Sikre at alle tilsette får tilstrekkeleg opplæring i korleis avvik skal meldast
- b. Sikre at alle tilsette er kjent med kva forhold som skal meldast som avvik. Det bør skriftleggjerast rutinar for dette som i større grad omtalar kva forhold i barnehage og skule som skal meldast som avvik
- c. Sikre at einingsleiarar jamleg tek opp viktigheita av det å melde avvik i dialogen med dei tilsette, t.d. på personalmøte, i medarbeidersamtalar og i andre fora der dette er naturleg



VINDAFJORD KOMMUNE

Rutine for avviksmeldekultur

A. Opplæring av tilsette i melding av avvik – teknisk

I samband med innføring av nytt kvalitets – og avvikssystem COMPILO vert det utarbeidd ein opplæringsplan som skal sikra at alle tilsette får den opplæringa som må til for å vera trygg på at ein taklar det tekniske med å melde avvik.

- a. Opplæring for alle i nytt kvalitets – og avvikssystem
- b. Vidare opplæringsplan for
 - i. Nytilsette som kjem til
 - ii. Oppfriskingskurs etter behov (opplæringsplan)

B. Opplæring av tilsette i melding av avvik – praktisk

For å sikre at alle tilsette er kjent med kva forhold som skal meldast som avvik vil det bli lagt inn i personalavdelinga sin opplæringsplan for avvik.

- a. Spesielt kva som skal meldast for barnehage og skule:
 - i. Bortfall av spesialpedagogiske timar
 - ii. Ikkje forsvarleg bruk av vikar
 - iii. Fysisk utagering frå barn/elevlar
 - iv. Psykisk utagering frå barn/elevlar
 - v. Andre

C. Einingsleiarar skal jamleg ta opp viktigheita av det å melde avvik i dialogen med dei tilsette:

- a. På personalmøte
- b. I medarbeidersamtalar
- c. I andre forum dette er naturleg

Rutine for avviksmeldekultur ligg som vedlegg 11.

9. Etablere ein jamleg gjennomgang av internkontrollen i einingane



Rutine internkontroll

Internkontroll vår (seinast mai), handlingsplan og "trafikklys modell" på avvik.

Oppfølging av avvik og handlingsplan i september.

Århjul for alt internkontrollarbeid:

ÅRSHJUL FOR INTERNKONTROLL BARNEHAGE OG SKULE				
Mnd	Aktivitet	Deltakarar	Merknad	Skjema?
Jan				
Feb	Vernerunde	Einingsleiar, verneombod og vaktmester	Bør reinhaldsleiar vera med?	
Mars			Siste frist for å sende handlingsplan til personal og hovedverneombud. Skal teknisk ha den også?	Bruk felles mal, link til den Rapporter i FamacWeb eventuelle avvik som gjeld det tekniske
APRIL				
MAI				
JUNI				
JULI				
AUGUST				
SEPTEMBER	Ny gjennomgang av handlingsplan fra vernerunde		Kan ein løyse fleire av avvika?	Oppdater skjema også Famacweb)
OKTOBER				
NOVEMBER				
DESEMBER				

Rutine gjennomgang av internkontroll i einingane ligg som vedlegg 12.

Vedlegg

1. Leiaravtale	s.29
2. ROS-skjema	s.34
3. System og rutine for risikovurdering i bhg-skule	s.36
4. Rutine stafettloggen	s.39
5. Infoskriv til føresette om Stafettloggen	s.40
6. Rutine oppfylging stafettlogg	s.41
7. §31 rutine for oppfylging av stafettlogg	s.42
8. Melding om barn med nedsett funksjonsevne §37 stafettlogg	s.43
9. Rutine for å innhenta samtykke hos føresette	s.47
10. Samtykkeerklæring avgrensa oppheving av teieplikta	s.48
11. Rutine avviksmeldingskultur	s.50
12. Rutine gjennomgang av internkontroll i einingane	s.51

Leiaravtale

Gjeld kap. 3.4.1 og kap. 3.4.2

Arbeidstakar:
Adresse:
Postnummer/stad:

Personnummer:

1. Arbeidet sin art:

Stillingskode
Rapporteringskode Leiar

Arbeidsstad:
Arbeidsoppgåver kan endrast.

2. Arbeidsavtalen er gjeldande frå dato:

3. Tilsetjingstilhøve: 100 % fast

4. Prøvetid: Utløpsdato:

5. Frist for oppseiing – jf. HTA kap. 1 § 3

6. Løn:

Utbetalast den 12. kvar månad. Løn og anna godtgjersle jf. gjeldande tariffavtale. Løna vert utbetalt til arbeidstakar sin konto. For mykje utbetalt løn kan, etter avtale, trekkjast i seinare lønsutbetalingar jf. AML § 14-15. Av løna vert det for tida trekt 2 % pensjonsinnskot.

Innplassert i HTA:	Årsløn full stilling:	Stillingsstorleik:
Kap. 3.4.2	Kr,	%

Kontonummer: _____

7. Utfyllande opplysningar eller vilkår:

Partane er elles samde om følgjande tillegg og presiseringar:

- 10 dagar ekstra fri som kompensasjon for meirarbeid og møteverksemd utanfor vanleg arbeidstid – jf. HTA § 6 pkt. 6.3
- Mobil/mobilbruk vert dekkja – jf. eigen avtale

8. Ferie:	Ferie og feriepengar følgjer av ferielova og tariffavtale.
9. Arbeidstid:	Normalarbeidstida følgjer tariffavtale. Eventuell avtale om særleg arbeidstidsordning jf. AML § 10-2 andre, tredje og fjerde ledd, sjå punkt 20.
10. Tariffavtale:	Arbeidstillhøvet vert regulert av hovudavtalen, hovudtariffavtalen og sentrale tariffavtalar som er inngått i kommunal sektor og lokale avtalar inngått med heimel i hovudtariffavtalen og personalreglement i Vindafjord kommune.
11. Attåtstilling:	Arbeidstakar kan ikkje utan løyve ha anna løna arbeid som vil vera av eit slikt omfang at det kan gå ut over den ordinære arbeidsytinga. Det same gjeld ekstraarbeid som kan medføre inhabilitet etter forvaltningslova.
12. Politiattest:	Ved arbeid i barnehage, skule, SFO og einingane helse- og omsorg, barnevern- og tilrettelagde tenester skal det og leggjast fram godkjend politiattest. Ved arbeid i barnehage, skule eller pleie og omsorg skal det leggjast fram godkjend dokumentasjon på tuberkulinkontroll før oppstart i jobb dersom du har budd/opphalde deg i land med høg tuberkulosefarekomst i meir enn tre månadar. Ta kontakt med helsesjukepleiar viss du er i tvil. I tillegg skal personell i pleie og omsorg legga fram helseopplysingsskjema i høve til MRSA.
13. Leiaravtale:	Leiaravtalen, punkt 14-20 er ein integrert del av arbeidsavtalen mellom Vindafjord kommune som arbeidsgjevar og NAVN som arbeidstakar. Leiaravtalen regulerer forholdet mellom kommunaldirektøren som kommunen sin øvste administrative leiar og arbeidstakar. Partane er samde om kva for nokre verdiar, krav og forventningar som skal danne grunnlaget for kommunaldirektør si vurdering av arbeidstakar sine prestasjonar. Avtalen er basert på vedtekne planar og strategiar for kommunen si drift og tenesteproduksjon og vurdering av arbeidstakar sine prestasjonar. Leiarkriteria ligg til grunn for all leing i Vindafjord kommune.

Kommunedirektøren har delegert avgjerdsmynde vidare i organisasjonen. Vidaredelegering er gjort med dei føresetnader som ligg i det politisk vedtekte delegeringsreglementet. Heretter vert kommunedirektør å lese som kommunalsjef, der kommunalsjef er din leiar.

14	Kommunedirektøren sine krav og forventningar til leiaren
14.1	Forventningar til god leing: - Leiar skal ha si merksemd retta mot innbyggjarane og leggja effektivitet, kvalitet og service til grunn for arbeidet sitt. Leiar må ha respekt for brukarane sin integritet. - Leiar må utvikle samarbeid basert på tillit og medverknad i alle ledd. - Leiar må opptre synleg og truverdig i samsvar med kommunen sitt verdigrunnlag, politiske og administrative prioriteringar, vedtak, planar og langsiktige strategiar.
14.2	Resultatansvar - Leiar er administrativt og fagleg ansvarleg for verksemda si drift og tenesteproduksjon. - Leiar er ansvarleg for at fastsette mål vert oppfylt i samsvar med budsjett, økonomiplan, handlingsprogram og leiaravtale. - Leiar er ansvarleg for å utvikle eiga avdeling i samsvar med lovar, avtalar, mål og strategiar.
14.3	Personalansvar - Leiar er personalansvarleg i si eining. - Personalansvaret skal ivaretakast i tråd med kommunen sine reglement og rutinar på området. - Leiar er ansvarleg for at dei tilsette i eininga har eit forsvarleg arbeidsmiljø.
14.4	Økonomiansvar Eininga sine ressursar skal utnyttast og styrast effektivt i samsvar med vedteke budsjett og økonomireglement. Leiar er ansvarleg for å føre kontroll med bruken av tildelte midlar.
14.5	Arbeidsgjevaransvar - Leiar representerer kommunedirektøren og er arbeidsgjevar overfor arbeidstakarane og organisasjonen. - Leiar skal sørge for at kommunen sin arbeidsgjevarpolitikk vert gjort kjent og praktisert i verksemda. - Leiar skal ta initiativ til å gjennomføre omstillings- og utviklingstiltak innfor eiga avdeling. - Leiar kan ikkje inneha tillitsverv etter HA eller på annan måte representere arbeidstakarane sine organisasjonar overfor arbeidsgjevar. - Leiar skal gjennomføre internkontroll i samsvar med overordna plan for internkontroll i Vindafjord kommune og elles spesifikke planar og rutinar for det enkelte område, der det er utarbeidd.

15	Forhold mellom kommunedirektør og leiar
15.1	Partane sine roller i styringskjeda • Leiar rapporterer direkte til kommunedirektør. • Leiar skal trekkjast aktivt med i budsjettarbeidet. • Leiar kan etter samråd med kommunedirektøren offentleg gje administrative- og faglege kommentarar til aktuelle saker innfor sitt ansvarsområde.
15.2	Kommunedirektøren sitt ansvar • Som næraste overordna skal kommunedirektøren gje leiar personleg og fagleg støtte, råd og rettleiing. Kommunedirektøren skal leggje tilhøva til rette for naudsynt kompetanse- og leiarutvikling. • Kommunedirektøren skal halda leiar orientert om viktige saker som er under utvikling. • Kommunedirektøren kan gjere om eller fatte nye vedtak innfor leiar sitt ansvarsområde. Eventuelle inngrep skal drøftast med leiar på førehand. • Leiar skal lønast ut frå ansvar, kompetanse, innsats og prestasjonar jf. lønspolitisk plan. • Om kommunedirektøren ikkje er nøgd med leiar sin innsats og prestasjonar, skal leiar verte orientert om situasjonen og kunne korrigere kursen før kommunedirektøren eventuelt går vidare med saka.
16	Vurdering av innsats og prestasjonar
16.1	• Med utgangspunkt i kommunale vedtak og styringsdokument skal partane i samarbeid setja opp ein årleg resultat- og utviklingsplan. Resultat- og utviklingsplanen skal tydeleggjera kva for nokre spesielle resultatkrav som vert stilt til leiar, kva for nokre særlege utviklingsmål som gjeld for leiar og kommunedirektøren si hjelp til gjennomføring av planen. • Kommunedirektøren sine krav og forventningar må utformast slik at det ved slutten av året er mogeleg å gjere ei konkret vurdering av leiar sin innsats og prestasjonar. • Resultatkrav og utviklingsmål vert fastsett med omsyn til ressurs- og tilsettsituasjonen i kommunen. Det må i rimeleg grad takast omsyn til uventa hendingar gjennom året. • Partane skal minst ein gong i året møtast til ein samtale med utgangspunkt i resultat- og utviklingsplanen.
17	Prosedyre ved negativ måloppnåing Om ein slik situasjon oppstår, skal saka drøftast i to fasar
17.1	Fase I • Leiar vert gjort merksam på kommunedirektøren si vurdering og får høve til å orientere om situasjonen. • Det vert avtalt ein konkret plan for tiltak. • Det vert månadlege samtalar mellom kommunedirektøren og leiar.
17.2	Fase II • Om fase I i løpet av seks til tolv månadar ikkje fører til ei utvikling i samsvar med kommunedirektøren sine krav og forventningar, vert punkt 19 aktivisert. • Leiar kan ikkje stillast til ansvar for negativt resultat som ligg utanfor leiar sitt ansvarsområde.
18	Retrettstilling
18.1	• Leiar har høve til å be om avløyning frå stillinga si for å gå over i ei anna stilling/funksjon i kommunen. Arbeidsgjevar skal strekkje seg langt for å koma slike ynskjer i møte.

	Lønsfastsetjing i retrettstillingar skal ta utgangspunkt i den nye stillinga si plassering i HTA. Det kan gjevast personlege tillegg jf. funksjonstillegg, kompetanse, ansvar, innsats og resultatopphåing.
19	Ordningar for avvikling av arbeidstilhøve
19.1	Om kommunedirektøren kjem til at resultatet ikkje held mål, og at dette skuldast manglar ved leiar sin eigen innsats eller leiarskap, og at ein ikkje ser det som realistisk å nå målsetjinga, skal partane etter nærare avtale velje ei av følgjande to løysingar: Avvikling av arbeidstilhøvet eller omplassering til passande stilling.
19.2	Avvikling av arbeidsforholdet - Avviklinga skal skje innafor ein periode på seks til tolv månadar. - I avviklingsperioden skal leiar i tilfelle kommunedirektøren ynskjer det, trå til side for at det kan setjast inn ein konstituert leiar og at stillinga kan lysast ut. - Leiar vil normalt ha arbeidsplikt i avviklingsperioden. Fritak for arbeidsplikta kan vurderast for ein kortare del av avviklingsperioden dersom dette er ynskjeleg for begge parter.
19.3	Omplassering til ei anna stilling - Arbeidsforholdet til Vindafjord kommune står ved lag. - Leiar vert tilbydd ei anna passande stilling. - Løn ved ei eventuell omplassering vert fastsett etter avtale mellom partane og skal tydeleggjere den nye stillinga sitt arbeids- og ansvarsområde. Løna skal ikkje setjast lågare enn avtalt grunnløn jf. punkt 6.
20	Annå
- Leiaravtalen vert skriven i to eksemplar med partane si underskrift. Avtalen gjeld frå dagen ein er tilsett jf. punkt 2. Avtalen kan reforhandlast når ein av partane krev det, men ikkje oftare enn to gonger per år. - Leiaravtalen er ein personleg avtale mellom Vindafjord kommune og leiar. Arbeidstakar xx For arbeidsgjevar xx Kommunalsjef	

Skjema ROS

1. Område: Vald og trugslar, evt anna område
2. Kva kan gå galt? (NB! Ei hending per skjema)

3. Kva kan vera årsak til ei slik hending?

4. Gjer ei risikovurdering av hendinga.

RISIKODIAGRAM, grunnskulen i Vindafjord						
KONSEKVEN S						
S A N N S Y N L I G H E T		Svært liten (Ubetydeleg)	Liten	Moderat	Stor (Alvorleg)	Svært stor (Svært alvorleg)
	Svært stor (Særs truleg)					
	Stor (mykje truleg)					
	Moderat (Truleg)					
	Liten (Mindre truleg)					
	Svært liten Lite truleg					

Grøn sone (1-4): Hendingar som ligg i grønne felt kan akseptast og gir ikkje grunn til å sette i verk tiltak som kan redusere risikoen.

Gul sone (5-10): Hendingar som ligg i gule felt vil kunne bli akseptert om det ikkje finns enkle forebyggande eller skadeavgrensande tiltak.

Rød sone (12-25): Hendingar som ligg i røde felt er hendingar som det er sterkt ynksjeleg å redusere risikoen for då dei skjer relativt ofte og kan ha svært alvorlege konsekvensar.

5. Kva kan bli konsekvensen for eleven/elevane av ei slik hending?

6. Kva kan bli konsekvensen for den tilsette?

7. Tiltak me har på plass for å unngå at slikt skjer/reduserer faren om det skulle skje.

8. Behov for nye/fleire tiltak

Forslag til tiltak:	Ansvarlig:	Blir utført innan dato:

System og rutine for risikovurdering i bhg-skule

Årshjul for tema/områder for risikovurdering på einingane

- Einingsleiar må sjølv lage situasjonar ut frå tema som er lista opp nedanfor, desse må vera tilpassa eininga
- Under kvart tema må einingsleiar lage fleire situasjonar som skal ROS-analyserast, dette må tilpassast eininga
- Bruk ROS- skjema for gjennomføring av risikovurdering
- Dersom det kjem fram tiltak som ikkje er sikra i eksisterande rutinar må ein anten revidera eksisterande rutinar eller lage ny
- Lista nedanfor er ikkje uttømmmande
- ROS som høyrer til bygg og brann skal risikovurderast i Famacweb

Tid	Tema/områder	Kven skal gjennomføre ROS?
August	Overgangssituasjonar	Alle
	SFO	SFO-personalet
	Friminutt/Vakt	Alle
	Konflikhtar og potensielle konfliktsituasjonar	Alle
	Leverer/hente situasjonar	Alle
Oktober	Vikar	Alle
	Hendingar i trafikken	Alle
	Innhenting av politiattest	Leing
	Sjukdom/pandemi	Leing
Februar	Vanskelege samtalar med elevar/barn	Alle
	Pedagog med ansvar for fag/barnegruppe er sjukemeldt over lang tid	Leiar
	Elev/barn blir borte frå skule/SFO/bhg	Alle
April	Rutinar, nøklar	Alle
	Undervisningstime, inkludert praktisk estetisk fag, eller andre timar med lausare former.	Aktuelle pedagogar

Etter behov	Gravide	Leing
-------------	---------	-------

Tid	Tema/områder	Døme på tiltak
August	Overgangssituasjonar	Rutine på kven som har ansvar, kartlegging av blindsoner,
	SFO	Ansvarsfordeling mellom tilsette (tilsett 1 har ansvar for.. Tilsett 2 har ansvar for..)
	Friminutt/Vakt	Vaktrutinar som er tilpassa eininga (må skriftleggjerast)
	Konflikatar og potensielle konfliktsituasjonar	Arbeid med verdisyn/elevsyn, autoritativ vaksen. Gode flytskjema på eininga....
	Leverer/hente situasjonar	Ansvarsfordeling mellom tilsette. Gode rutinar inn mot føresette
Oktober	Vikar	Rutinehefte som blir delt ut for gjeldande eining
	Hendingar i trafikken	Aktiv hjertesone på skule/barnehage. Gode rutinar som er kjent for tilsette og føresette. Rutiner når elevgruppa/barngruppa er på tur (eigen ROS skal fyllast ut av pedagog før kvar tur)
	Innhenting av politiattest	Leiar må ha rutine for å innhente politiattest. Attest må på plass før person startar i jobb.
	Sjukdom/pandemi	Jamfør kontinuitetsplan i Vindafjord kommune og beredskapsplan for eininga
Februar	Vanskelege samtalar med elevar/barn (" den gode samtalen" Atle Aas)	Arbeid med verdisyn/elevsyn, autoritativ vaksen Kurs- "samtale med barn" RVTS

	Pedagog med ansvar for fag/barnegruppe er sjukemeldt over lang tid (meir enn 3 veker)	Årsplanar/evt andre tilgjengeleg. Informasjon til føresette
	Elev/barn blir borte frå skule/SFO/bhg	Eininga må ha rutinar for kven som har ansvar- kven blir kontakta,
April	Rutinar, nøklar	Nøkkelband, nøkkelt, regler for oppbevaring av nøkkelt
	Undervisningstime, inkludert praktisk estetisk fag, eller andre timar med lausare former.	Tydelege reglar for å nytte utstyr/vera i reglar som er kjent for elevar og vaksne "Romreglar" som er med i rutinehefte
Etter behov	Gravide	Samtalar, tilrettelegge arbeidssituasjon

Rutine STAFETTLOGGEN

Har du uro for utviklinga for eit barn i barnehage eller skule? Det vart gjort vedtak om at «Handlingsretteleiar» skal vera tilgjengeleg for føresette, barn/ungdom og tilsette på tvers av tenester i samarbeid og samhandling. Du finn handlingsretteleiar på:
Vindafjord kommune: <https://vindafjord.betreinnsats.no/> eller <https://etne.betreinnsats.no/>

Stafettlogg ertstatta tiltakslogg 01.08.2020. Du finn meir informasjon om «Stafettloggen» og om pålogging på <https://www.vindafjord.kommune.no/barn-og-skule/uro-for-eit-barn-bti/stafettloggen/>

1. Uro skal meldast frå om til leiaren. Leiaren gjev deg tilgang til «Stafettloggen».
2. «Stafettloggen» vert teken i bruk på nivå 1, i samarbeid og etter skriftleg samtykke frå føresette. «Stafettlogg» vert oppretta i <https://stafettloggen.conexus.no/>. For å nytta Stafettloggen vert ID-porten nytta. Du vel pålogginga som passar best for deg. Last opp samtykket frå foreldre/føresette.
3. Dokumentasjon av tiltak gjennom prosess i «Tidleg innsats» og før evt. tilvising til PPT, gjer ein i «Stafettloggen».
4. Den som er stafetthaldar skriv i «Stafettloggen». Det skal alltid vera eitt tiltak i barnehage/på skulen og eitt tiltak heime. Tiltaka skal vera konkrete, positive og ha mål om øving og meistring. Tiltak i «Stafettloggen» vert evaluert innan 4- 8 veker.
5. Brukarretteleiingar med brukarstøtte og tasteretteleiarar finn ein når ein er komen inn i stafettloggen om du klikkar på ? inne på startside i loggen. Brukarretteleingane kan ein ta utskrift av. Opplæringsvideoar for «Stafettloggen» er å finna på [her](#). Ein bruker passordet Stafettlogge_2021 ved innlogging.
6. Om ei sak er tilvist andre tenester, får dei som har tiltak i prosessen, lesetilgang. «Stafettloggen» skal nyttast i rettleiingsarbeid og systematisk samarbeid som involverer fleire tenester. Samarbeidsdokument kan lastast opp som vedlegg under «notat» i stafettloggen.
- Tenester, inkludert PP-tenesta, får tilgang til «Stafettloggen» om saka vert ei rettleiingssak etter utgreiing eller det vert eit systematisk tverrfagleg arbeid i saka.
7. «Stafettloggen» vert nytta i oppfølging av saker knytt til barnehagelova § 31 og 37, jmf. rutine.
8. Ved tilvising til PPT, skal alltid utskrift av «Stafettloggen» med dokumentasjon på tiltak og evaluering vera lagt ved tilvisinga.
9. Når «Stafettloggen» vert avslutta, flyttar ein loggen inn i barnehagemappa / elevmappa via websak.
10. Den som er stafetthaldar, har ansvar for å flytta loggen over til ny stafetthaldar, enten i eiga eining, mellom einingar eller over til ny kommune.

Brukerveiledninger -

- Vis brukerveiledning
- Tasteveiledning - Opprette barn-logg
- Tasteveiledning - Opprette oppmerksomhet
- Tasteveiledning - Opprette tiltak og evaluere tiltak
- Tasteveiledning - Nytt møte og registrer møte
- Tasteveiledning - Overføre stafettlogg
- Tasteveiledning - Motta overført stafettlogg
- Tasteveiledning - Opprette brukere

Til føresette til _____

Stafettloggen er eit verktøy som Vindafjord kommune vedtok å ta i bruk frå 1. august 2020. Før ein eventuelt tek kontakt med PPT eller melder opp eit barn til PPT skal Stafettloggen nyttast først.

Stafettloggen er eit samhandlingsverktøy mellom ulike instansar som t.d. skule, barnehage, helsesjukepleiar, PPT, føresette osv. Skulen/barnehagen skal ta i bruk Stafettloggen når me er uroa for eit barn si faglege eller sosiale utvikling, men også uroa for andre ting.

Ein deler inn Stafettloggen i ulike nivå; 0,1,2,3. Nivå 0 er når ein kun prater om barnet, eller at foreldre tek kontakt med t.d. skulen og ein diskuterer rundt barnet. Nokre gonger kjem ein fram til at «det var ingenting», eller at ein har kontroll på uroinga. Medan andre gonger blir ein einige om at her har me ei uro som me må ta vidare til nivå 1, og det er på nivå 1 Stafettlogg blir oppretta. Les meir på Vindafjord kommune si side.

<https://vindafjord.betreinnsats.no/bti-rettleiar/>

På nivå 1 blir ein einige om å setje inn ulike tiltak (t.d. eit tiltak vil vera å tilvise barnet til PPT, eit anna tiltak er å ha intensivt lesekurs, tilpassa lekser osv). Tiltaka blir evaluert etter ein viss periode for å sikra at me ser om det har ønskja effekt, og for å sikra framgang. Det kan vera at ein etter å ha evaluert kjem fram til at ein ikkje har behov for vidare oppfølging, og då lukkar ein Stafettloggen, den blir passiv. Åra går og alt er «normalt», så kan det hende at når ein startar på ungdomsskulen at ein lærar undrar seg over utviklinga på t.d. lesing. Han/ho ser at det har vore ført ein Stafettlogg i t.d. 3.klasse, men må få lov av føresette til å opne den. (Då vil ein få god dokumentasjon over kva som blei gjort/ikkje gjort i høve til dette barnet).

Det kan også hende at ein finn ut at eleven treng meir oppfølging, at eleven treng å bli meldt opp til PPT for ei sakkyndig vurdering dersom me ser at eleven har krav på spesialundervisning. Då vil PPT alltid spørje om det er oppretta Stafettlogg og at tiltak er sett inn i nivå 1 først og prøvd ut- ein får med andre ord ikkje melde opp før ein ser at skulen har gjort det ein kan sjølv først.

Stafettloggen er også god dokumentasjon for å sikra at eleven får den opplæringa ein har krav på. Stafettloggen har to-faktor system og sikkerheitsnivå 4 som er godkjent av Datatilsynet.

Vedlagt dette skrivet ligg samtykke til at skulen får opprette Stafettlogg.

Mh

Rutine for oppfølging av barnehagelova § 37

§ 37 *Barn med nedsett funksjonsevne*

Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagetilbud. Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen. Ved vurderingen av om tilretteleggingen innebærer en uforholdsmessig byrde, skal det særlig legges vekt på tilretteleggingens effekt for å nedbygge funksjonshemmende barrierer, de nødvendige kostnadene ved tilretteleggingen og virksomhetens ressurser.

Kommunen fatter vedtak om tilrettelegging av barnehagetilbudet til barn med nedsatt funksjonsevne.

Det er såleis kommunen som er ansvarleg for at born med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod i samsvar med vedtak.

Vindafjord kommune vil difor jamleg observera i alle barnehagane at retten borna har etter barnehagelova § 37 vert gjennomført i samsvar med vedtak og tiltaksplan.

Avdelingsleiar i samarbeid med den som skal følgja opp vedtaket på § 37, har ansvar for å utarbeida tiltaksplan i «Stafettlogg».

Då det er kommunen som er ansvarleg for å sikra at born med nedsett funksjonsevne får eit eigna individuelt tilrettelagt barnehagetilbod, vil dette ikkje vera eit tilsyn med barnehagen.

Observasjonane er for å kontrollera at Vindafjord kommune oppfyller retten borna har etter § 37 og at tilbodet er i samsvar med vedtak og tiltaksplan. Det vil vera både melde og umelde observasjonar.

Det skal opprettast «Stafettlogg» før tilmelding til Vindafjord kommune. Denne fungerer som tiltaksplan.

Tiltaksplan i «Stafettlogg» skal sendast Vindafjord kommune ved barnehagemynde som vedlegg til tilmeldinga

Tiltak i «Stafettloggen» skal evaluerast innan 1. november (lokal i barnehage) , 15. desember, 15. mars (lokal i barnehage) og 1. juni.

Ein nyttar «Stafettloggen til å evaluera tiltaksplanen.

Ansvar for evalueringa har avdelingsleiar i samarbeid med den som følgjer opp tiltaket og føresette.

Ein tek utskrift frå Stafettloggen» og sender evalueringane til Etne kommune ved barnehagemynde innan 15.12. og 01.06. kvart barnehageår.

Rutine for oppfølging av barnehagelova § 31

§ 31 **Rett til spesialpedagogisk hjelp**

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom de har særlige behov for det. Dette gjelder uavhengig av om de går i barnehage.

Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barn tidlig hjelp og støtte i utvikling og læring av for eksempel språklige og sosiale ferdigheter.

Spesialpedagogisk hjelp kan gis til barnet individuelt eller i gruppe. Hjelpen skal omfatte tilbud om foreldrerådgivning.

Kommunen skal oppfylle retten til spesialpedagogisk hjelp for barn bosatt i kommunen.

Det er såleis kommunen som er ansvarleg for at born med rett til spesialpedagogisk hjelp får det i samsvar med sakkunnig vurdering, vedtak og IU-plan.

Vindafjord kommune vil difor jamleg observera i alle barnehagane at spesialpedagogisk hjelp vert gjennomført i samsvar med sakkunnig vurdering, vedtak og IU-plan.

Avdelingsleiar i samarbeid med spesialpedagog, har ansvar for å utarbeida IU-plan.

Då det er kommunen som er ansvarleg for at born får spesialpedagogisk hjelp, vil dette ikkje vera eit tilsyn med barnehagen. Observasjonane er for å kontrollera at Vindafjord kommune oppfyller retten borna har etter barnehagelova § 31 og at tilbodet er i samsvar med sakkunnig vurdering, vedtak og IU-plan. Det vil vera både melde og umelde observasjonar.

«Stafettloggen» kan nyttast i arbeid med gjennomføring av spesialpedagogiske tiltak. I saker med tiltak og der PP-tenesta er med i rettleiingsmøte, har både føresette og PP-tenesta lesetilgang. Tiltaka bør evaluerast etter 2-8 veker. Om fleire tenester er med i t.d. ansvarsgruppe, kan fleire ha lesetilgang.

IU-plan skal sendast Vindafjord kommune ved barnehagemynde innan 1. oktober eller innan éin mnd etter dato for vedtak for vedtak gjort seinare i barnehageåret.

IU-planen skal evaluerast gjennom året og ferdigstillast 1. juni.

Evalueringane skal sendast til Vindafjord kommune ved barnehagemynde og PPT 01.06 kvart barnehageår.

Ansvar for evalueringa ligg på avdelingsleiar i samarbeid med spesialpedagog.

Melding om behov for individuelt tilrettelagt barnehage tilbud for born med nedsett funksjonsevne, jfr. barnehagelova § 37

Kommunen som barnehagemynde skal gjera ei konkret og individuell vurdering med grunngjeving og fatta vedtak om tilretteleggjing av barnehage tilbudet til born med nedsett funksjonsevne etter barnehagelova § 37. I den samanhengen ber me om opplysningar som kan klargjera behov for individuell tilretteleggjing.

Det skal opprettast «Stafettlogg» før melding vert sendt til Vindafjord kommune. Utskrift av loggen legg ein som vedlegg til meldinga.

Del 1: Om barnet

Gjeld for periode/barnehageår:		
Namnet til barnet:		Fødselsdato:
Forelder – 1:		Adresse:
Morsmål:		Telefon:
Forelder – 2:		Adresse:
Morsmål:		Telefon:
Barnet si opphaldstid i barnehagen:		
Informasjon om barnet		
Grei ut om barnet sine styrkar, interesser og meistringsområde		
Grei ut om barnet sine utfordringar/vanskar/nedsette funksjonsevne		
Følgjande dokumentasjon er lagt ved: (lege, anna helsepersonell, BUP el.)		Datert:

Om barnehagen

Informasjon om barnehagen		
Barnehage:	Styrar:	
Adresse:		
Avdeling/gruppe:		
Tal born på avdelinga/i gruppa:	Tal pedagogar i avdelinga/gruppa:	
Alderen til borna:	Tal fagarbeidarar i avdelinga/gruppa:	
Tal born per vaksen i avdelinga/gruppa:	Tal assistentar i avdelinga/gruppa:	
Kompetanse:		
Forklar kompetansen barnehagen har til å leggja til rette for barnet si nedsette funksjonsevne:		

Tilrettelegging

Informasjon om barnehagen si individuelle tilrettelegging innanfor det ordinære barnehagetilbodet: (innhald og organisering, jfr. barnehagelova § 2 tredje ledd og forskrift om rammeplan for barnehagar)	
Tiltak:	Effekt:

I kva situasjonar i løpet av barnehagedagen treng barnet tilrettelegging utover barnehagen si eiga plikt til tilrettelegging, jfr. barnehagelova § 2 tredje ledd og forskrift om rammeplan for barnehagar		
Situasjonar:	Når/Tidspunkt:	Korleis vil hjelpa bli utført:

Tilbod og samtykke

Tilbod barnet har i dag/ tilbod det er søkt om til neste barnehageår			
Spesialpedagogisk hjelp:	Ja Nei	Logopedi:	Ja Nei
	Årstimar:		
Fysioterapi:	Ja Nei	Rettleiingssenter	Ja Nei
Anna:			
Samtykke: Eg/me samtykker til at Etne kommune ved barnehagemyndene kan henta inn ytterlegare informasjon, drøfta meldinga om behov for tilrettelegging der ein ser det er nødvendig for å opplysa saka med: ☐ BUP ☐ Fysioterapeut ☐ Logoped ☐ PPT ☐ Spesialpedagog ☐ Anna _____ Samtykke kan til ei kvar tid trekkjast tilbake.			

Dato:	Underskrift styrar:
--------------	----------------------------

Dato:	Underskrift forelder 1:
Dato:	Underskrift forelder 2:

Melding om behov for individuelt tilrettelagt barnehage tilbud med vedlegg sender ein til *Vindafjord kommune, Rådhusplassen 1, 5580 ØLEN*

Del 2. Melding om behova barnehagen har for støtte for å leggja til rette barnehagetilbodet for born med nedsett funksjonsevne

Namn på barnehagen:
Gjeld å leggja til rette barnehagetilbodet til (namnet på barnet):

Behovet barnehagen har for støtte

For å kunna leggja til rette for barnet utover den ordinære plikta barnehage har for å leggja til rette, har barnehagen følgjande behov for støtte:

☐	Ekstra bemanning. Stillingsstorleik	
☐	Tilrettelegging av fysisk miljø og/eller utstyr	

Forklar kva for tilrettelegging	
---------------------------------	--

Kostnad	
---------	--

Foreldre til barnet er informerte om denne meldinga.

Signatur føresett 1:

Signatur føresett 2:

Dato og underskrift styrar:

Det er barnehagen som får tildelt ressursane for å leggja til rette for eit individuelt tilrettelagt tilbod. Kommunen som barnehagemynde vil gjera ei konkret vurdering av ressursbehova barnehagen har og fatta vedtak om tildeling av støtte til barnehagen.

Rutine for å innhenta samtykke hos føresette

Kommunen har plikt til å henta inn samtykke hos føresette for å starta «Stafettlogg» og samhandla på tvers av tenester

For å drøfta ei sak om barn/elev på PP-dag, er det tilstrekkeleg å innhenta munnleg samtykke hos føresette.

Om ein skal innhenta samtykke til å starta «Stafettlogg» innhentar ein samtykke hos føresette og lastar dette opp i «Stafettloggen». Dokumenter finn ein på http://betreinnsats.no/wp-content/uploads/2018/01/samtykke-til-stafettlogg_nynorsk.pdf

Om ein treng samarbeida på tvers av tenester, har kvar teneste sjølvstendig ansvar for å innhenta samtykke til dette samarbeidet gjennom <http://nyriskmanagerkvalitetssystem/SitePages/Fellesrutinar/Fellesrutinar.aspx> og «Teieplikt» gjennom skjema «Samtykkeerklæring til avgrensa oppheving av teieplikta».

Ved inntak hos PP-tenesta, familieteamet eller i Barnevernstenesta, er det viktig å etterspørja kva tenester som er med i saka og fylla ut dette samtykkeskjema. I tillegg er det viktig å leggja dette samtykket ved om ein kallar inn til tverrfagleg møte, eller har behov for opplysningar frå andre tenester.

Tolkelova frå 01.01.022 forpliktar alle tenester til å nytta tolk ved språkbarrierar for å sikra rettstryggleik når ein informerer om samtykke og saksgang i kommunen si forvaltning.

SAMTYKKEERKLÆRING

AVGRENSA OPPHEVING AV TIEIPLIKTA

Namn til barn / ungdom / vaksen: (tenestemottakar)	Fødselsdato:
Initiativtakar/teneste til samtykkeerklæringa:	Sign:

Eg/me samtykker til at følgjande tenester kan samarbeida, og opphevar med det tieiplikta så langt som samtykket gjeld. (set x):

☐ Barnehage ☐ Skule ☐ PP-teneste ☐ Helsestasjon / skulehelseteneste ☐ Jordmor ☐ Famillieteamet ☐ Barnevernstenesta ☐ Fysioterapi / ergoterapitenesta ☐ NAV ☐ Flyktningetenesta ☐ Psykisk helse vaksen	☐ Fastlege ☐ Tilrettelagte tenester ☐ Pleie og omsorg ☐ Tenestekontoret ☐ Bustadkontor ☐ SLT ☐ Politiet ☐ Stafettloggen ☐ Tverrfagleg oppvekstteam ☐ Anna (spesifiser) ☐ Anna (spesifiser)
--	---

Eg/me er einige i at opplysningar/vurderingar kan delast med dei nemnde tenestane for å bidra til å skapa heilskapleg og koordinert innsats.

Eg/me er gjort kjend med at føremålet med utveksling av opplysningar er med på å gi eit best mogleg tilbod, og at informasjonen som vert gjeven er avgrensa til det som til ein kvar tid er naudsynt. Dersom informasjon skal avgrensast vert dette presisert nedanfor:

.....

.....

Dette samtykket er gitt under føresetnad av at underskrivaren på førehand er gjort kjend med tema/opplysningar/vurderingar som skal drøftas med samarbeidande instansar.

Samtykket gjeld frå og til:

Eg/me er gjort kjend med at samtykket skriftleg kan trekkjast attende.

Stad/dato:	Tenestemottakar (ved fylte 15 år)
Stad/dato:	Forelder/føresett/pårørande 1/verge
Stad/dato:	Forelder/føresett/pårørande 2

Lov om barn og foreldre (barnelova)

§ 31. Rett for barnet til å vere med på avgjerd

Eit barn som er fylt sju år, og yngre barn som er i stand til å danne seg egne synspunkt, skal få informasjon og høve til å seie meininga si før det blir teke avgjerd om personlege forhold for barnet, mellom anna om foreldreansvaret, kvar barnet skal bu fast og samvær. Meininga til barnet skal bli vektlagt etter alder og modning. Når barnet er fylt 12 år, skal det leggast stor vekt på kva barnet meiner.

Frå 7 års alder skal eit barn si meining/synspunkt vektleggast, etter barnelova § 31. For barn under 18 år skriv foreldra under, men etter fylte 15 år skal barnet sjølv skriva under saman med dei. Ved fylte 16 år, kan barnet nekta foreldre kjennskap til helseopplysningar. Når tenestemottakar ikkje har samtykkekompetanse, skal samtykket underteiknast av næraste pårørande eller verge.

Lovheimlar for teieplikt:

Forvaltningslova § 13-13e, Pasient- og brukerrettighetslova § 3-6, Helsepersonellova kapittel 5 § 21 – 25, Barnevernlova § 6-7.

Helse- og omsorgstenestelova § 12-1, Opplæringslova § 5.4 og § 15.4. Barnehagelova kap VA §19b og Folketrygdlova §§ 21-9, 25-10 og 25-11.

Stafettlogg:

Eige samtykkeskjema for oppretting av elektronisk stafettlogg er tilgjengeleg i BTI-handlingsrettleiaren: <https://vindafjord.betreinnsats.no/bti-rettleiare/>

Tverrfagleg oppvekstteam barnehage og skule:

Samtykke til drøfting i teamet ved den einskilde barnehage / skule. Eit drøftings- og læringsorgan med målsetjing om å utvikla den einskilde sin refleksjon og kompetanse. Auka individuell og felles tverrfagleg handlingskompetanse, gje støtte til tidleg hjelp til barn og følgja og handla i høve utviklinga på oppvekstområdet i kommunen. Foreldre/førsette kan delta, og barn / elev skal verta høyrte, og kunne delta om dei ynskjer.

Tverrfagleg oppvekstteam ved barnehage og skule har faste representantar frå PPT, helsesjukepleiar og barnevernet. Ved ungdomsskulane deltek i tillegg SLT og politiet.

Rutine:

Den eininga som først kjenner behov for tverrfagleg samarbeid, syt for signatur på samtykkeerklæring. Kopi skal overbringast til alle involverte einingar.

NB: Noter utløpsdato og syt for at eventuelt nytt skjema er underteikna i tide.

Rutine for avviksmeldekultur

A. Opplæring av tilsette i melding av avvik – teknisk

1.

I samband med innføring av nytt kvalitets – og avvikssystem COMPILO vert det utarbeidd ein opplæringsplan som skal sikra at alle tilsette får den opplæringa som må til for å vera trygg på at ein taklar det tekniske med å melde avvik.

- a. Opplæring for alle i nytt kvalitets – og avvikssystem
- b. Vidare opplæringsplan for
 - i. Nytilsette som kjem til
 - ii. Oppfriskingskurs etter behov (opplæringsplan)

B. Opplæring av tilsette i melding av avvik – praktisk

For å sikre at alle tilsette er kjent med kva forhold som skal meldast som avvik vil det bli lagt inn i personalavdelinga sin opplæringsplan for avvik.

- a. Spesielt kva som skal meldast for barnehage og skule:
 - i. Bortfall av spesialpedagogiske timar
 - ii. Ikkje forsvarleg bruk av vikar
 - iii. Fysisk utagering frå barn/elevar
 - iv. Psykisk utagering frå barn/elevar
 - v. Andre

C. Einingsleiarar skal jamleg ta opp viktigheita av det å melde avvik i dialogen med dei tilsette:

- a. På personalmøte
- b. I medarbeidersamtalar
- c. I andre forum dette er naturleg

Rutine internkontroll

Internkontroll vår (seinast mai), handlingsplan og "trafikklys modell" på avvik.

Oppfølging av avvik og handlingsplan i september.

Århjul for alt internkontrollarbeid:

ÅRSHJUL FOR INTERNKONTROLL BARNEHAGE OG SKULE				
Mnd	Aktivitet	Deltakarar	Merknad	Skjema?
Jan				
Feb	Vernerunde	Einingsleiar, verneombod og vaktmester	Bør reinhaldsleiar vera med?	
Mars			Siste frist for å sende handlingsplan til personal og hovedverneombud. Skal teknisk ha den også?	Bruk felles mal, link til den Rapporter i FamacWeb eventuelle avvik som gjeld det tekniske
APRIL				
MAI				
JUNI				
JULI				
AUGUST				
SEPTEMBER	Ny gjennomgang av handlingsplan fra vernerunde		Kan ein løyse fleire av avvika?	Oppdater skjema også Famacweb)
OKTOBER				
NOVEMBER				
DESEMBER				

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	07.09.22	23/22
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

OPPFØLGING AV FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMIFORVALTNINGA FOR 2021

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar kommunedirektøren si tilbakemelding dagsett 18.07.22 til revisor sin uttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2021 til orientering.

Vedlegg: Kommunedirektøren si tilbakemelding, dagsett 18.07.22

Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok samrøystes i møtet 04.05.22, sak 13/22 følgjande:

Vindafjord kontrollutval tar revisor si attestasjonsuttale om etterleving av økonomiforvaltninga for 2021 til orientering.

Vindafjord kontrollutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sin merknad innan 20.08.22.

Vindafjord kontrollutval sender sak 13/22 «Forenkla etterlevingskontroll for rekneskapsåret 2021 – revisor si attestasjon om økonomiforvaltninga» til kommunestyret til orientering.

I følge kommunelova § 23-2 bokstav B skal kontrollutvalet bl.a. påse «...at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak....».

Vidare står det i kommuneloven § 24-9 om kontroll med økonomiforvaltninga følgjande:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

Uttale for 2021

Rogaland Revisjon IKS kom med sin uttale 14.04.22 til Vindafjord kommune for perioden 01.01 - 31.12.21.

Revisor konkluderte med:

Negativ konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis, og på grunnlag av forhold som er omtalt i avsnitt «grunnlag for negativ konklusjon», avgis det erklæring med negativ konklusjon.

Grunnlag for negativ konklusjon

Resultat av våre kontroller:

Ved kontroll av om kommunen har gjennomført konkurranse og dokumentert prosessen for anskaffelser i størrelsesorden kr 100.000 – 1.300.000 ble det avdekket avvik i 2 av 7 utplukk.

Ved kontroll av om kommunen har gjennomført konkurranse og dokumentert prosessen for anskaffelser i størrelsesorden over kr 1.300.000 ble det avdekket avvik i 3 av 6 utplukk. Samlet avvik utgjør 38,5 %.

De grunnleggende prinsippene i loven om konkurranse skal ivareta leverandørenes rettsikkerhet, og skal bidra til at alle potensielle leverandører har de samme muligheter til å oppnå kontrakter med de offentlige, samtidig som de skal bidra til at det offentlige foretar effektive anskaffelser og anvender offentlige midler på en økonomisk fornuftig måte i samsvar.

Kommunedirektøren si tilbakemelding

Vedlagt følger kommunedirektøren si tilbakemelding, dagsett 18.07.22. Der skriv han at:

Det er fleire ulike typar avvik, slik at administrasjonen har jobba breidt med å sette i verk tiltak. Innan innkjøpsområdet er følgjande tiltak sett i gang:

- Resultatet av forenkla etterlevingskontroll og innkjøpsreglar har vore tema både i Leiarforum og på kommunen sin årlege merkantildag.*
- Revidert rutinen for innkjøp.*
- Ny rutine for å opprette nye prosjekt i kommunen, med eiga sjekkpunkt opp mot innkjøpsreglane, er under utprøving og vil komme på plass til hausten*
- Det er etablert tettare samarbeid mellom Økonomiavdelinga ved innkjøpsrådgjevar og kostkontroller og Kommunalteknisk for å sikre tettare samarbeid, oppfølging og læring. Dei har kontordag ved kommunalteknisk ein dag kvar veke.*
- Det er komme på plass rammeavtale som lukker eit avdekka avvik. Det er i tillegg lagt ein plan for å få på plass fleire eigne rammeavtarar framover.*
- Gjennomgått rutinane for internkontroll av innkjøp.*

- *Det er teke initiativ opp mot dei andre kommunane på Haugalandet for å evaluere og eventuelt kunne vidareutvikle innkjøpssamarbeidet på Haugalandet.*

Han skriv vidare:

Kommunen gjennomfører innkjøp kontinuerleg og det er ofte ganske omfattande prosessar. Samstundes er innkjøpsregelverket i stadig endring. Det betyr at kommunen må halde seg fortløpande oppdatert på endringane som skjer, og tilpasse oppfølging og rutinar internt etter det. Innkjøp vil og bli lagt inn som fast årleg tema for både Strategisk leiargruppe og Leiarforum, for å sikre ein betre forankring i organisasjonen.

Sekretariatet sine kommentarar

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav B og forskrift for kontroll og revisjon § 3, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar blir retta eller følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Dersom påpeikingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er kommunedirektøren sitt ansvar.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner kommunedirektøren i denne saka har gjeve ei grei tilbakemelding. Kontrollen har gjort at det er tatt tak i rutinane, og forbetringstiltak har blitt sett i verk.

Etter § 24-7 siste ledd skal revisor årleg gje ein skriftleg oppsummering til kontrollutvalet om skriftlege påpeikingar som er tatt opp, men som ikkje er retta opp eller som ikkje er tilstrekkeleg følgt opp. Etter denne tilbakemeldinga frå administrasjonen vil dei då kunne vise til kva som er blitt gjort i etterkant av kontrollen.

Aksdal, 31.08.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Tilbakemelding frå kommunedirektøren på oppfølging av forenkla etterlevingskontroll om «Lov om offentlig anskaffelse».

Viser til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 13/22 om Forenkla etterlevingskontroll der kontrollutvalet ba kommunedirektøren sendte ei tilbakemelding om oppfølging av revisor sin merknad innan 20. august 2022.

Rogaland revisjon IKS har utført ein forenkla etterlevingskontroll på kommunen si etterleving av lov om offentlege anskaffingar. I kontrollen fann revisjonen avvik på to av sju kontrollar på innkjøp mellom kr 100 000 og kr 1,3 mill. og avvik på tre av seks kontrollar på innkjøp over 1,3 millionar. På bakgrunn av dette blei det avgitt ein negativ konklusjon.

Kommunen har gått igjennom avvika for å avdekke kva som ikkje er i tråd med lova for kvart enkelt tilfelle, slik det også blei orientert om munnleg i kontrollutvalsmøtet 4. mai 2022. Dei fem avvika som blei avdekka kan kategoriserast slik:

- Misforstått regelverket
- Manglande dokumentasjon (ikkje fylgt prosedyre). Dette var eit utfordrande innkjøp (helseteneste) pga. koronapandemien
- Direktekjøp argumentert med særskilt kompetanse/kjennskap (service/oppfølging på produkt som leverandør har levert)
- Ikkje god nok planlegging i forkant gav arbeid utover kontrakt (manglande opsjon)
- Manglande rammeavtale

Det er fleire ulike typar avvik, slik at administrasjonen har jobba breidt med å sette i verk tiltak. Innan innkjøpsområdet er følgjande tiltak sett i gang:

- Resultatet av forenkla etterlevingskontroll og innkjøpsreglar har vore tema både i Leiarforum og på kommunen sin årlege merkantildag.
- Revidert rutinen for innkjøp.
- Ny rutine for å opprette nye prosjekt i kommunen, med eiga sjekkpunkt opp mot innkjøpsreglane, er under utprøving og vil komme på plass til hausten
- Det er etablert tettare samarbeid mellom Økonomiavdelinga ved innkjøpsrådgjevar og kostkontroller og Kommunalteknisk for å sikre tettare samarbeid, oppfølging og læring. Dei har kontordag ved kommunalteknisk ein dag kvar veke.
- Det er komme på plass rammeavtale som lukker eit avdekka avvik. Det er i tillegg lagt ein plan for å få på plass fleire eigne rammeavtar framover.
- Gjennomgått rutinane for internkontroll av innkjøp.
- Det er teke initiativ opp mot dei andre kommunane på Haugalandet for å evaluere og eventuelt kunne vidareutvikle innkjøpssamarbeidet på Haugalandet.

Kommunen gjennomfører innkjøp kontinuerleg og det er ofte ganske omfattande prosessar. Samstundes er innkjøpsregelverket i stadig endring. Det betyr at kommunen må halde seg fortløpande oppdatert på endringane som skjer, og tilpasse oppfølging og rutinar internt etter det. Innkjøp vil og bli lagt inn som fast årleg tema for både Strategisk leiargruppe og Leiarforum, for å sikre ein betre forankring i organisasjonen.

Yngve Folven Bergesen
Ølen, 18. juli 2022

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	07.09.22	24/22

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2022

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Vindafjord kontrollutval tar den framlagde eigenerklæringa dagsett 29.06.22 frå oppdragsansvarleg revisor Therese Skåland Bjørkeland og Silje Nygård, Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Vedlegg: revisor si eigenerklæring 29.06.22 frå Therese Skåland Bjørkeland, rekneskapsrevisjon og Silje Nygård, forvaltningsrevisjon

Saksorientering:

Kommunelova § 24-4 og forskrift om kontrollutval og revisjon kap. 3. §§ 16-21 slår fast at oppdragsansvarleg revisor for kommunar skal være uavhengig og ha god vandel. Forskrifta slår også fast at oppfølging av dette kravet ligg til kontrollutvalet, jamfør § 3 – «påse.... at regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kap. 2 og 3».

I følge § 24-4 skal den som foreter revisjon for ein kommune ikkje ta oppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ein slik tilknytning til kommunen at den kan svekke revisor si sjølvstende og objektivitet. I tillegg seier forskrifta §§ 16-21 noko om dei krav som vert stilt for at revisor skal være uavhengig, og dei avgrensingar som gjeld for revisor ved gjennomføring av revisjonsoppdraget.

Vurdering:

I følge forskrifta § 19 skal oppdragsansvarleg revisor **årleg**, og elles ved behov, gje ein skriftleg eigenerklæring av si sjølvstende til kontrollutvalet. Krav til sjølvstende og objektivitet gjeld også for revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarleg revisor som pliktar å leggje fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Revisor gjer i vedlegget greie for si sjølvstende overfor kommunen i samsvar med krava i kommunelova og i forskrifta. Det går fram at det ikkje ligg føre noko som tilseier at valde revisorar frå Rogaland Revisjon IKS ikkje er uavhengig når det gjeld forholdet til Vindafjord kommune. Fråsegna vert gjeve på revisor sitt eige ansvar og skal ikkje godkjennast av kontrollutvalet, men bli tatt til orientering.

Aksdal, 31.08.22

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Til kontrollutvalget i Vindafjord kommune

VURDERING AV OPPDRAGSANSVARLIG REVISORS UAVHENGIGHET OVERFOR VINDAFJORD KOMMUNE

Innledning

Ifølge kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha godandel. Nærmere krav til revisors uavhengighet ogandel følger av forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19. Kravene til uavhengighet og objektivitet gjelder for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Dette omfatter både oppdragsansvarlig revisor, medarbeidere på oppdraget og eventuelt andre som er engasjert på oppdraget.

Rogaland Revisjon IKS har et kvalitetskontrollsystem i samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQC 1). Kvalitetskontrollsystemet omfatter dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering. Som en del av kvalitetskontrollsystemet har vi rutiner for å følge opp og sikre at revisjonsteamet har tilstrekkelig uavhengighet.


Ifølge kontrollutvalgs- og revisjonsforskriften § 19 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. Denne egenvurderingen følger nedenfor.

OPPDRAGSANSVARLIG REVISORS VURDERING AV UAVHENGIGHET

Forskriftskrav	Oppdragsansvarlig revisors egenvurdering
Overordnet krav til uavhengighet (§ 16)	Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger spesielle forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet.
Tilknytning til den reviderte virksomheten (§ 17)	Undertegnede har ikke selv eller nærstående som har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet.
Stillinger i kommunen (§ 18 a)	Undertegnede har ikke stillinger eller verv i kommunen.
Stillinger i virksomhet (§ 18 b)	Undertegnende har ikke andre stillinger i en virksomhet som kommunen deltar i eller er eier av, utover at Rogaland Revisjon IKS utfører revisjon og er organisert som et interkommunalt selskap.
